

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
R.f.	Styre, råd, utval m.v.	Møtedato	Saksnr
KS	Kommunestyret	18.06.2014	041/14

Arkiv: K1-140

Arkivsaknr: 14/9-44

KOMMUNEPLAN 2014-2022 FOR ØYGARDEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Råmund Skjold

Kort om saka: Planutvalet la i møte 15.10.2012 framlegg til revidert kommuneplan ut til offentleg ettersyn. Fristen for å kome med merknader vart sett til 1. mars 2013. Pr 13. mars er det motteke 57 merknader til planen. Dette dokumentet gjev eit oversyn over mottekne innspel der ein særleg legg vekt på motsegnene. Motsegnene må løysast ved forhandlingar med dei som har fremja motsegnene.

Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Plan- og bygningslov

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.06.2014	KU ROS KOMMUNEPLANENS AREALDEL_2014_2022 DATERT 13.05.2014	136890
03.06.2014	SAMFUNNSDELEN - VERSJON 13. MAI 2014	136892
03.06.2014	UAVKLART PLANOMRÅDE SKARVØYOSEN - KARTUTSNITT	136893
05.06.2014	KPA_2014b_28.mai	137000
06.06.2014	PLANSKILDRING MED FØRESEGNER OG BYGGEgrenser i gjeldande REGULERINGSPLANAR VERSJON 06 JUNI 2014	137079

Saksopplysningar:

I tabellen under er merknader/innspel sortert på følgjande måte:

- Merknader/innspel frå private/næring
- Merknader frå offentlege instansar med **motsegn**
- Merknader frå offentlege instansar
- Merknad frå kommunale politiske organ

14.05.2013 PLANUTVALET

PLAN-049/13 VEDTAK:

I møte 14.05.2013, sak 049/13, vurderte Planutvalet uttalar mottekne til forslag til revidert kommuneplan ved offentleg ettersyn.

Planutvalet sin vurdering følgjer til kvar av punkta under:

Merknader frå **private/næring**:

Britt Breivik Myren

Ønskjer at område nord for naust på gnr/bnr 45/3, avgrensa mot stup i aust, vert sett av til naustformål

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at naustformålet vert utvida til å omfatte den delen av fyllinga som er godkjent.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Hans Andreas Hansen

Er heimelshavar til gnr/bnr 40/9 på Ulvøy som er om lag 20 dekar. Ønskjer ei planendring for eigedomen som i dag er ei hytte i LNF - nei område. I følgje eigar kan ei planendring til næring vera i samsvar med Blom Eigedomsselskap si utvikling av Ulvøy.

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd at planstatus for denne eigedomen vert endra i denne planperioden. Det er Blom eigedomsselskap som har planar om å regulere nordre delar av Ulvøy – og dei har ikkje kome med merknader om aktuell eigedom.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Blom Fiskeoppdrett AS

Kjem med merknad på at plankartet må stemma i høve slik anlegga er plassert

Rådmannen si vurdering:

Plankarta skal justerast til å stemme med «terreng». Planområda skal ikkje utvidast. Ein må og undersøke om anlegga ligg rett i forhold til godkjent lokalitet.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Trond Semshaug

Ønsker at eigedomen gnr/bnr 53/178 ikkje får endra planstatus frå LNF ja til LNF nei

Rådmannen si vurdering:

Eigedomen kan definerast som «eksisterande bustad». I tillegg må byggegrense mot sjø vurderast på nytt i høve til b.nr 209 og 210, som nyleg er gjeve løyve til frådeling/bygging.

Planutvalet 14.05.13:

Gnr/bnr 53/178 skal visast med føremålet eksisterande bustadområde (SOSI 1110). Grense mellom LNF område med spreidd bustadbygging og LNF område vestom 53/209 og 53/210 skal vera som grense mellom LNF-ja område og LNF-nei område i gjeldande kommuneplan (2006-2014). Den skal likevel justerast slik at heile tilkomstvegen til desse eigedomane vert liggjande i LNF område med spreidd bustadbygging.

Jarle Magne Alvheim

Ønskjer ei stadfesting på at gnr/bnr 54/3 framleis er definert som næringsområde i plan

Rådmannen si vurdering:

Området er framleis definert som næring i forslag til plan.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Mons P. Torsvik m.fl


Ønskjer at gnr/bnr 35/203 vert liggjande i LNF – ja med høve til utbygging. Gjeld nemnde tomt og to andre tomtar som er ein del av eit arveoppgjer.

Rådmannen si vurdering:

Innspelet er tidlegare vurdert i konsekvensutgreiing (B6 – Toft). Rådmannen tilrår framleis at planstatus for området ikkje vert endra. Byggegrensa på vestsida av Toft går langs eksisterande bebyggelse og ei endring vil vera eit avvik i høve dette.

Planutvalet 14.05.13:

LNF område med spreidd bustadbygging vert utvida som markert på kartutsnitt:



Hennco Laks v/Leif Rune Pedersen

Ser nytt akvaområde ved Vadholmen som erstatning for område/lokalisitet nord for Hernar som er tatt ut av plan. Presiserer at AK området ved Vadholmen burde utvidast noko for å ta høgde for storleik på aktuelt anlegg

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at området vert justert noko i samsvar med innspel – samstundes må det flyttast noko lenger sør/vest grunna overlapp med militært skytefelt.

*Planutvalet 14.05.13:
Godkjent som tilrådd av rådmannen.*

Bjarne Tjong

Vil at gnr/bnr 5/35 kan nyttast som naust i framlegg til ny kommuneplan

Rådmannen si vurdering:

Det vert vurdert slik at etablering av naust på eigedomen vil medføre større terregningngrep og ei endring til naustføremål vert ikkje tilrådd

*Planutvalet 14.05.13:
Godkjent som tilrådd av rådmannen.*

Jonny Torsvik

Ber om at det i ny kommuneplan vert sett av areal til parkeringsplass på eigedom gnr/bnr 36/1.

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at areal på 36/1 langs vegen i Kjøpmannsvågen vert innlemma i områdeplan med formål å kunne etablere parkering.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Marine Harvest AS

Ønskjer eit område vest for Laksholmen lykt avsett til akvakultur. Påpeikar at dei allereie i august 2011 tok kontakt med kommunen, men fekk tilbakemelding om at det var for seint å koma med nye innspel. Viser vidare til at det er tatt med nye innspel etter dette og understrekar at eit anlegg vil gje 4 nye arbeidsplassar i kommunen i tillegg til 7 arbeidsplassar i neste ledd.

Rådmannen si vurdering:

Aktuelt område ligg på vestsida rett nord for Nautnes. Området er registrert som regionalt viktig friluftsområde og er mykje i bruk både til båtliv og hobbyfiske. Det vert ikkje tilrådd at planstatus for området vert endra til akvakultur

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Walter Halvorsen

Ber om at gnr/bnr 53/169 på Alvheim vert tatt inn i plan som naustområde

Rådmannen si vurdering:

Tomta ligg i eksisterande naustområde på Kyllaren, Alvheim. Deler av tomta ligg i sjø – etter revisjon av grense sjø/land. Det vert tilrådd å endre plangrensa slik at tomta kan byggjast på.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Kåre og Otto Lyngøy

Ønskjer å få endra LNF grensa på Lyngøy då denne ikkje følgjer terrenget på ein logisk måte

Rådmannen si vurdering:

Grensa vert endra i samsvar med innspel

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Jorunn Kallekleiv

Ønskjer at bustadtomt gnr/bnr 5/13 får planstatus LNF –ja. I tillegg er det merknad på at bnr 36 må få status LNF – spreidd for den del som ikkje er naustområde. Vil og at bnr 13 i Skjoldepollen får status som spreidd naust.


Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd at plangrensa vert endra på bnr 5/13 eller at bnr 36 får status LNF ja for den delen som ikkje er nausttomt. Ei planendring på bnr 13 vert heller ikkje tilrådd grunna terrenginngrep.

Planutvalet 14.05.13:

Det vert ikkje lagt inn område for bygging av naust på gnr/bnr 5/36.

Område markert på kartutsnitt vert lagt inn som område med spreidd bustadbygging utan omsynssoner:



Kjell Åge Solås

Ønskjer ei formålsendring på gnr/bnr 9/222 som er i samsvar med planar om utvikling av eigedomen

Rådmannen si vurdering:

Området kan få ei planendring til «bebyggelse og anlegg» der ein i føresegne beskriv nærmare kva ein kan opna opp for.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Erna Jensen

Er heimelshavar av gnr/bnr 11/109 på Sulo. Ber om at plangrense for å kunne bygge fritidsbustad vert trekt lenger mot sundet.

Rådmannen si vurdering:

Det er tidlegare gjeve løyve til å føre opp ei hytte på eigedomen. Det vert tilrådd å endre plangrense i samsvar med innspel

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Otto Sulen

Registrerer at det på Lyngøy og Hernar er opna for spreidd hyttebygging, medan det på Sulo er krav til reguleringsplan – noko som er det same som nei til all bygging. Ønskjer same vilkår som på Hernar og Lyngøy ved at det må vera anledning til å sette opp naust i det eksisterande naustmiljøet

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at planstatus for området vert endra fra fritidsbustader med krav om regulering til LNF – ja spreidd hytter. I føresegne vil det bli stilt krav om ein disposisjonsplan (ikkje reguleringsplan)

før utbygging. Kvote for perioden kan vera 4 hytter – tilsvarandes som på Hernar.

Det vert og tilrådd at areal kring eksisterande naust mot sundet kan endrast til LNF –ja spreidd naustbebyggelse med opning for 3 naust i perioden.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Ard arealplan v/Geir Håland

Gjeld område B25. Ber om at plassering blir endra i samsvar med opprinnelig innspel.

Rådmannen si vurdering:

Det vert vist til eksisterande konsekvensutgreiing der opprinnelig innspel vart endra. Rådmannen tilrår ikkje endring i høve planframlegg

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Steinar Arvid Breivik

Ber om at fleire parsellar i Svanevågen reguleres til «ferie og fritid»

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at bnr. 60, 64, 66 og 68 vert endra til «fritids- og turistformål» slik at hovudformål vert likt i området. Dersom det er mindre endringar kan desse gjerast i ein seinare reguleringsplan for å unngå ein for detaljert kommuneplan.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Ottar Vik

Ber om at nausttomt gnr/bnr 34/253 vert endra til nausttomt i ny kommuneplan

Rådmannen si vurdering:

Det vert vist til tidlegare vedtak i Planutvalet og klagesak handsama av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I utgangspunktet er 1 nausttomt lite for å oppretta eit eige planformål. Dersom noverande Planutval meiner at tomta bør inn i plan kan planframlegg justerast.

Planutvalet 14.05.13:

Gnr/bnr 34/253 vert lagt inn som LNF område med spreidd naustbygging for 1 naust.

Ard arealplan v/Geir Håland

Kommentarar til framlegg om utarbeiding av områdeplan for Sauøy. Spelar inn Mortevika som eit område for småbåthamn – og at dette må innarbeidast i plan.

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at ei småbåthamn i Mortevika kan takast med i plan, men planen bør ikkje vise bebyggelse og anlegg heilt ned til sjø.

Planutvalet 14.05.13:

Område for bebyggelse og anlegg sør på Sauøy vert utvida i tråd med forslaget frå Kjersti Fjeldstad Eriksen og Annlaug Hammersland. (sjå under)

Arne Hjelme

I Hjelmevågen må område for naust gjelde heile naustområta til gnr/bnr 8/1

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd å utvide naustområdet til heile 8/1 i Hjelmevågen.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Omsynssone for bevaring av kulturmiljø vert utvida til å omfatte heile området vist som LNF område for spreidd naustbygging. (jfr. Hordaland fylkeskommune sitt motsegn)

Sulo krins ve og vel v/Oddmund Sulen

Ønskjer same vilkår som på Hernar og Lyngøy ved at det må vera anledning til å sette opp naust i det eksisterande naustmiljøet. Har vidare forslag om utviding av LNF- ja område noko i forhold område sett av til hyttebygging med reguleringskrav i planframlegg.

Rådmannen si vurdering:

Viser til tilsvar på innspel frå Otto Sulen

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Tegn 3 v/Even Akerø på vegne av heimelshavar gnr/bnr 43/1 Ove Ellingsen

Påpeikar at det i ny kommuneplan er avvik mellom bustadområde i gjeldande reguleringsplan for Kollsnes. Vil utvide området i kommuneplan slik at det og omfattar fylling i dal nord for Tess bygg Oen.

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd å ta med heile hellinga nordover til og med fylling som framtidig bustadområde. Området er i gjeldane reguleringsplan for Kollsnes regulert til boligformål.

Vidare vert det tilrådd å vente med oppstart av planarbeid til overordna plan er vedteken.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Tjuvika båtforening v/Gustav Landro

Ønskjer at areal sett av til utviding av Tjuvika båtforening vert utvida i samsvar med innsendt kart.

Rådmannen si vurdering:

Tilråd at planområde til båtforeninga kan utvidast vidare, avgrensa til neset i sør.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Hellesøy nord naustlag v/Terje Nilsen

Ønskjer bruksendring av naustanlegget på gnr/bnr 9/240 til rorbuer som kan leigast ut på turistmarkedet

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tilrår ikkje planendring – området er regulert til naustformål.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Terje Nilsen

Påpeikar at han kom med innspel på gnr/bnr 9/73 Hellesøy – om å kunne føre opp eit hus. I tilbakemelding frå Planutvalet i 2010 gjev ein uttrykk for at innspelet er med vidare i prosessen. Eigedomen er ein del av reguleringsplanen for Hellesøy hamn – og i denne er ikkje ønske om å kunne bygge på 9/73 tatt til følgje. Ber om grunngjeving på avvik mellom reguleringsplan og tilbakemelding i 2010 – og at dette blir retta opp i ny kommuneplan.

Rådmannen si vurdering:

Ved vedteken områdeplan for Hellesøy hamn i 2012 er bruken av 9/73 fastlagt – og innspelet er difor handtert i samband med denne prosessen.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Aksel Høiberg

Gjeld gnr/bnr 49/39 – ønskjer at den funksjonelle strandlinja vert flytta framfor hus/garasje. I dag går grensa gjennom hus og garasje.

Rådmannen si vurdering:

Tilrår endring som omsøkt

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Steinar Hennø

Gnr/bnr 1/1 Skjold. Viser til tidlegare innspeil i saka der forslag til nytt bustadfelt på Storhallen vart silt ut i løpet av prosessen. Ber om at saka vert vurdert på nytt. Området kan gjerne reduserast til ca 8-10 mål, eller opp til 4 tomtar. Grunngjev innspeil med at neste generasjon må få overta bruket – som er det nest største i kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen kan med bakgrunn i generell motsegn mot bustadmengde i plan ikkje tilrå endring av planformål som omsøkt.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Henning Ebbesen

Ønskjer ei endring i framlegg til plan slik at det kan byggjast naust på gnr/bnr 35/227 i Toftevågen

Rådmannen si vurdering:

Tilrår ei endring då noverande grense ikkje framstår som logisk. Naustområdet kan utvidast til og med bnr 62

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Bjørn Olaf Madsen

Ønskjer ei endring i framlegg til plan slik at det kan byggjast naust på gnr/bnr 35/228 i Toftevågen

Rådmannen si vurdering:

Tilrår ei endring då noverande grense ikkje framstår som logisk. Naustområdet kan utvidast til og med bnr 62

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Mikael Hjelme

Gjeld gnr/bnr 8/7 Hjelme. Ønskjer at planformål for utmarksparsell i nord mot Hellesundkanalen/Utnesdalen blir endra til fritidsbustader/privat tenesteyting, subsidiert LNF med spreidd hyttebygging. Det er vidare planar om å tilrettelegge for båtplassar og etablering av rorbuer for utleige.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vil ikkje tilrå at det vert opna for planendring som omsøkt

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Hans Arne Breivik

Gnr/bnr 45/1 Austevika Breivik. Ønskjer at planformål for Austevika vert endra til naustområde


Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tilrår ikkje planendring i Austevika. For bnr 77 må ein justere plangrense i samsvar med godkjent bygesak kring riving/flytte bygg – dvs utvide plangrense naust nokre meter lenger inn på land. Det vert ikkje tilrådd at område i sørkant av bnr 77 vert omgjort til naustområde.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen når det gjeld planendring ved gnr/bnr 45/77.

Område i Austevika markert på kartutsnitt under vert lagt inn som naustområde. Dette skal regulerast i heilskap med tilknytt byggeområde sørom på gnr/bnr 45/5.



Kjell Hatten

Gnr/bnr 3/3 Hatten – 4 punkt som gjeld kai/naust på eigedomen

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd at område 1 & 2 vert gjort om til naustområde grunna terregninggrep. Område merka 3 vert tilrådd omgjort til LNF naust. Område 4 er ein del av reguleringsplan for Hatten hyttefelt – og ei eventuell endring må fremjast som endring av reguleringsplanen.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Ard Arealplan v/Geir Håland på vegne av heimelshavar for gnr/bnr 4/1 Hovden

I kommuneplan er det for 4/1 sett av ei LNF sone mellom dei to naustområda i Søre Skjoldepollen. Ein ber om at desse to naustområda vert knytt saman slik at heile strandsona vert eit samanhengande naustområde. Ber og om at det avsette området for småbåthamn vert strekt mot nordvest

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd å knytte dei to områda saman. Området som er tatt ut ligg nær hovudveg og vil medføre terregninggrep. Det vert heller ikkje tilrådd endring av planområde for småbåthamn

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Kjersti Fjeldstad Eriksen og Annlaug Hammersland som heimelshavar for gnr/bnr 52/17 og 50% av Straumlaks AS

Registrerer at store deler av deira eigedom på Sauøy har fått planstatus framtidig byggeområde. Ser positivt på dette og meiner området er eigna. Har merknader til 4 områder som burde vore med i eit utvida byggeområde og som vil kunne gje ei betre totalløysing for området.

Rådmannen si vurdering:

Det vert tilrådd at området merka A, C og D vert innarbeidd i planen. Området merka B vert ikkje tilrådd sidan vegen er eit naturleg byggegrense mot Straumesundet.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som føreslege av Eriksen og Hammersland.

John Jarle Svelingen gnr/bnr 7/57

Ønskjer at planformål for gnr/bnr 7/57 vert endra frå LNF til naustområde i ny kommuneplan

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd at området vert endra slik det er søkt om.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Multiconsult v/Bent Stenaker på vegne av Hans Arne Breivik

Har gjennomgått kommunen sitt forslag til ny kommuneplan for Svaneneset. Merknaden har 7 punkt med forslag til endringar i framlegg til plan

Rådmannen si vurdering:

- Hovedformål for området kan endrast til sosi kode 1800 – som opnar for kombinerte formål. Slik Rådmannen ser det er ikkje dette nytt i forhold til tidlegare innspel. Andel fritidsbebyggelse kan i utgangspunktet setjast til maks 50% av einingane før hotellet er bygd. Det vert og tilrådd å kunne auke storleiksgrense for hytter frå 100 til 125 m².
- Området innom Yssenskjæret kan endrast til planformål «småbåthamn» og ta med i føresegner at det vert opna for ein molo
- Ny plan for området kan gjere vedtak om at gjeldande plan frå 1995 ikkje skal gjelde.
- Det kan tilrådast at gnr/bnr 45/20 blir ein del av hovedføremålet i planområdet
- Rådmannen ser lite ulemper ved at planstatus for Svanneset vert endra til områdeplan i privat regi. Fordel for utbyggjar er ei etappevis utbygging/detaljering av planområdet. Ulempa for kommunen er ingen gebyr ved handsaming av områdeplanar. Tilråd at planstatus vert endra til områdeplan i privat regi
- Der omsynssone landbruk overlappar omsynssone felles planlegging – skal omsynssone landbruk fjernast
- Det vert ikkje tilrådd å setje av areal til privat barnehage nordom vegen for Breivik kommunale barnehage. Sjølv om barnehagen er privat vil kommunen måtta gje støtte – og pr i dag kan ikkje Rådmannen tilråd/signalisere at det er greitt å setje av areal til ein ny privat barnehage.
- Pr i dag er det vei fram til Svaneneset – og i konsekvensutgreiing vert det vist til 3 ulike vegtrasear som kan vera aktuell å bygge/oppgradere. Rådmannen tilråd at kommunen set krav om at vegtrase vert avklart i områdeplan – og at vegtraseen må bli etablert før hovedtyngden av utbygging på Svanneset.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Ard arealplan v/Geir Håland – småbåthamn gnr/bnr 6/6 Nautnes

Planutvalet gav i 2006 dispensasjon til å leggje ut flytebrygge/anlegg for maks 10 båtar på 6/6 i Nautnesvågen. Tiltaket vart ikkje sett i gang og tillatinga er no forelda. Ber om at området vert sett av til småbåthamn i framlegg til ny arealplan.

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd at småbåthamna vert tatt inn i plan. Tilgjenge til området er bratt, det er tung sjø inn vågen.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Kåre Toft gnr/bnr 35/10

Ønskjer eksisterande bustadområde på 35/10 utvida mot sør. Dette er i framlegg til plan vist som framtidig bustadområde med krav til regulering. Meiner aktuelt område naturleg høyrer saman med eksisterande bustadområde.

Området ved Stekkevika ønskjer ein sett av til naustområde og båthamn

Rådmannen si vurdering:

I gjeldande plan har deler av 35/10 planstatus som framtidig bustadområde, medan den delen som ligg mot vegen i Toftedalen har planstatus LNF – ja. I framlegg til ny plan er det vist eksisterande bustadområde for den delen som er ubebygd og uregulert, medan arealet ned mot vegen – der det er bebyggelse – er vist som framtidig bustadområde.

Etter Rådmannen si vurdering er dette ikkje ei optimal planmessig løysing.

Det vert vist til to ulike alternativ for å endre dette:

Alternativ 1: Området ned mot vegen vert tilbakeført til LNF – ja, dette inkluderer det arealet som Toft har kome med merknad til. Ubebygd areal vert vist som framtidig bustadområde med krav til regulering.

Alternativ 2: Området ned mot vegen vert tilbakeført til LNF – ja, dette inkluderer det arealet som Toft har kome med merknader til. Ubebygd areal vert vist som framtidig bustadområde med krav til felles regulering. Dvs området må regulerast saman med Dalekletten og tilkomst vert frå sør.

Når det gjeld forslag om naust og båthamn ved Stekkevika vil ikkje Rådmannen tilrå dette. Området har ei noko bratt tilkomst og ei omsøkt etablering kan vera utfordrande i høve terrenget, parkering og tilkomst.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent alternativ 1 som tilrådd av rådmannen.

*Området ved Stekkevika skal visast som område for fellesnaust og småbåthamn utan køyreveg.
(Tilsvarande slik det er vist på gnr/bnr 52/12 på Rottevågsøy.)*

Frank Willy Naustdal 54/1 Alvheim/Naustdal

Ønskjer ei utviding av grensa for LNF ja på eigedommen 54/1

Rådmannen si vurdering:

Det vert ikkje tilrådd å endre grensa slik grunneigar ønskjer. Området som ein ønskjer utvida med ligg høgt i terrenget og bygningar vil bli eksponert.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Marine Harvest AS

Innspel om nytt område for akvakultur aust for Kjeholmen (Hjelmelandet) Området er eit alternativ/supplement til tidlegare innspelt område ved Laksholmen lykt.

Rådmannen si vurdering:

Det vert vist til innspel kring område ved Laksholmen lykt der Marine Harvest har kome med innspel – og Rådmannen har tilrådd at ein ikkje går vidare. Dette området er etter Rådmannen si vurdering mindre konfliktfylt enn på vestsida. Det er ikkje registrert som regionalt viktig friluftsområde og det ligg utafor militært øvings- og skytefelt. Rådmannen er positiv til å eit nytt område for akvakultur ved Kjeholmen – og tilrår at framlegg til nytt område vert konsekvensutgreidd før ein tar endeleg stilling til eventuell planendring.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Bernt Torsvik (innspel mottatt 03.04)

Ønskjer at nausttomt 36/236, Torsvik, får ein planstatus som opnar for bygging av naust.

Rådmannen si vurdering:

Tomta har ein høgdeforskjell på 8 – 9 meter frå sjøfront til oppe på platå. Det å etablere naust vert vurdert til å medføre for store terregmessige inngrep – og vert difor ikkje tilrådd.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjent som tilrådd av rådmannen.

Merknader frå offentlege instansar med **motsegn**

Hordaland Fylkeskommune, Natur og ressursutval:

VEDTAK

- Kommuneplanens samfunns- og arealdel er detaljerte og grundige dokument, som vonleg vil føre til ei utvikling for Øygarden kommune som er i tråd med regionale interesser.

Samfunnsdelen og arealdelen utfyller kvarandre på ein god måte. Det er i hovudsak samsvar mellom samfunnsdelens intensjonar og den konkrete arealbruken i arealdelen.

Kommunen har gode arealstrategiar som byggjer på prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging.

- Øygarden kommune har i dag bustadreserve for fleire tiår, men kommuneplanen legg likevel opp til fleire bustader spreitt over heile kommunen. Dette er ikkje i tråd med prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging.

- Det er lagt til rette for eit stort omfang nye bustadareal. Kommunen bør minke omfanget av bustadområde.
- Det bør ikkje leggjast til rette for nye areal utan rekkefølgjekrav i føresegne.
- Lokaliseringa av følgjande bustadareal er ikkje i tråd med samordna areal og transport, og bør revurderast: B11, B2-4, B23, B29/B2-10.

Det er knytt **motsegn** til punkt a og b.

- Kulturminne er godt kartlagt og det er positivt at samfunnsdelen legg opp til ein eigen kulturminneplan.

- Blomvåg kyrkje og Hjelmevågen må merkast med omsynssone c, jf. plan- og bygningslova § 11-8.

Det er knytt **motsegn** til dette punktet.

- Følgjande merknader må bli teke inn som føresegn:

«Blomvåg kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærmere kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Blomvåg kyrkje skal til Riksantikvaren før rådgjeving før det blir fatta vedtak av kyrkjeleg styresmakt etter kyrkjelova.»

Det er knytt **motsegn** til dette punktet.

- Kommunen bør sikre undersøkingsplikta i føresegne. Tekstane nedanfor bør bli teke inn i føresegne:

«Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast på reguleringsplannivå. Dette gjeld også i sjø.»

«Kvar einskild byggjesak innanfor LNF-område med høve til spreitt utbyggings kal sendast kulturvernmyndet for avklaring i høve kulturminnelova.»

- Det er knytt **motsegn** til følgjande arealføremål av omsyn til automatisk freda kulturminne:

- B 2-9 Sprengsneset
- B 22 Ådnevika


4. Samferdsel: Det er positivt at kommuneplanen er merksam på trafikksikring og at det er stilt krav til gang- og sykkelfelt ved etablering av nye bustadfelt.
- To nye arealføremål er i strid med trafikktryggleik. Det gjeld B30 Trollevatn campingplass og B4 Torsteinsvik.
Det er knytt **motsegn** til desse føremåla
 - Føresegner bør ha eit eige punkt om at rammeplan for avkøyrsla og byggjegrenser på riks og fylkesvegar i Region vest blir lagt til grunn for saker som gjeld avkøyrsla
 - Føresegner bør sikre god sykkelparkering.
 - I samband med nye bustadområde må det vere mogleg å ha felles tilkoplingspunkt frå fylkesvegnettet. Eventuelt kan føresegner stille krav om at det i samband med utbygging skal gjerast ei vurdering av sanering av avkøyrsla til fylkesveg.
 - Føresegner bør sette krav om reguleringsplan der avkøyrsala blir nytta av ti eller fleire bustadeiningar
 - Føresegner må tydeleg vise at nye bustadeiningar i område for LNF spreitt skal nytte eksisterande kryss eller avkøyrsla frå fylkesvegnettet.
 - Føresegner bør sette krav om utbygging av naudsynt infrastruktur (som opprusting og trafikksikring av vegar for mjuke trafikantar) fram til skule og andre møteplassar.
 - Ny trasé på fylkesveg mellom Blomvågen og Flåten bør visast i arealplankartet.
5. Akvakultur: Plandokumenta bør justerast slik at dei samsvarar med eksisterande anlegg.
Føresegner bør opne for forankring i fleirbruksområde i sjø.
6. Skjelsand: Føresegner bør sikre førsteprioritet for opptak av skjelsand i område på plankartet som er merka «SKJ».
7. Strandsona og sjøareal er i stor grad forvalta for å hindre nedbygging og sikre interesser knytt til ålmenn ferdsel, friluftsliv, landskap og folkehelse, i tråd med regional politikk.

Rådmannen si vurdering:

Oversyn over tilgjengeleg bustadareal i krinsane – framlegg til løysing av motsegn

Tala for tilgjengeleg bustadareal er eit forsiktig estimat og lista er ikkje uttømmande.

Toftøy:




Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
GNR/BNR 37/1 m.fl (Kleppedl.)	Under regulering	Om lag 120
Solvang	Regulert	Om lag 25
Vaskarhaugen	Regulert	Om lag 10
Storhaug	Framtidig bustad	Om lag 14
Dalekletten	Framtidig bustad	Om lag 90
LNF Vik	Kvote på 6 i framlegg til plan	6
LNF Toft	Kvote på 6 i framlegg til plan	6
<u>LNF Torsteinsvik</u>	Kvote på 6 i framlegg til plan	6
Sum		Om lag 280

Kommentar: På Toftøy er det viktig å sjå utbygging i forhold til plassering av skule/barnehage, utbetra veg i Toftedalen/VA anlegg. I forhold til gjeldande plan er eit framtidig felt tatt bort (35/13 ut mot Løten) og vidare lagt opp til meir samla utbygging

mellan Toftedalen og hovedveg.

*Planutvalet 14.05.13:
Ingen merknader.*


Rongøy



Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
Vågsbotn/Sentrumsplan Rong	Regulert	Om lag 20
Storevarden	Regulert	Om lag 150
Kommunedelplan for Rongøy	Under arbeid	Om lag 320
Sum		Om lag 490

Kommentar: Storevarden har ledig tomteareal. Reguleringsplanen har eit samla areal på om lag 200 dekar der utnyttingsgrad stort sett er 20% - og for nokre delfelt 30 og 40%. Utbyggingsrate på 10 bustader pr. år. Pågåande arbeid med kommunedelplan for Rongøy, inklusiv revidert sentrumsplan for Rong, vil løyse ut meir areal til bustadføremål.

Blomvåg:



Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
Blom bustadfelt	Regulert/reguleringsendring	Om lag 200
Felt sør for skulen	Regulert	Om lag 20
Knarvik	Framlegg nytt bustadområde	10
LNF Søre Sæle/Blomestø	Kvote på 5 i planframlegg	5
<u>LNF Dale/Blomvåg</u>	Kvote på 6 i planframlegg	6
Sum		Om lag 240


Kommentar: Mykje ledig areal i Blom bustadfelt. Store kostnader med å etablere infrastruktur gjer det vanskeleg å setja i gang arbeid i feltet. Prosess med detaljregulering av område nærmast skulen er starta opp.

Planutvalet 14.05.13:

Bustadområde i Knarvik utgår.

Det må innarbeidast føresegner i kommuneplanen som hindrar detaljregulering av flateregulerte område i reguleringsplanen for Blom bustadfelt. Talet på ledige einingar er med det kraftig redusert.

Breivik




Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
GNR/BNR 45/1	Uregulert	Om lag 20
Ovågen	Regulert	120
Liabakkane	Regulert	28
Block Wathne felt	Regulert	10
Breivik 45/5 m.fl	Framlegg nytt bustadområde	75
LNF Ura/Nålura	Kvote på 2 i planframlegg	2
LNF Oen	Kvote på 3 i planframlegg	3
LNF Breivik	Kvote på 3 i planframlegg	3
LNF Herdlevær	Kvote på 3 i planframlegg	3
<u>LNF Straumøy</u>	Kvote på 3 i planframlegg	3
Sum		Om lag 370

Kommentarar: Liabakkane bustadfelt var ferdig regulert i 1992 men ein har ikkje starta utbygging av ulike grunnar m.a kostnader med VA. No er det etablert offentleg VA i nærleiken og heimelshavar ser på mulighet for å starte arbeid i feltet.

Planutvalet 14.05.13:

Bustadområde Breivik 45/5 m.fl. må endrast til 10 bustadar. Planområdet må berre omfatte gnr/bnr 45/5 og 45/15.

Alvheim



Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
Tjeldstø senterområde	Regulert	Om lag 120
GNR/BNR 53/3	Regulert	6
GNR/BNR 53/1	Under regulering	Om lag 50
Tjeldstø gard	Framtidig bustad	Om lag 20
Ådnevika nord	Framtidig bustad	Om lag 30
Ådnevika II	Regulert	10
GNR/BNR 53/6	Framtidig bustad	Om lag 15
Sauøy	Framtidig bustad	Om lag 150
LNF Harestad	Kvote på 3 i planframlegg	3
LNF Heggøy	Kvote på 3 i planframlegg	3
LNF Dåvøy	Kvote på 2 i planframlegg	2
LNF Rotevågsøy	Kvote på 2 i planframlegg	2
LNF Eide	Kvote på 2 i planframlegg	2
LNF Tjeldstø	Kvote på 4 i planframlegg	4
LNF Alvheim	Kvote på 4 i planframlegg	4
Sum		Om lag 420

Kommentar:


Planutvalet 14.05.13:

Ådnevika nord utgår grunna motsegn. Tjeldstø gard vert endra til LNF område med spreidd bustadbygging. Kvoten vert auka frå 4 til 6 bustadar.

Bustadområde 53/6 vert endra til LNF område med spreidd bustadbygging. Kvoten vert auka frå 4 til

6 bustadar.

Hatten



Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
GNR/BNR 3/2 Skjoldepollen	Regulert, ikkje VA løysing	6
GNR/BNR 6/4 Nautnesgjerdet	Regulert	12
LNF Stura	Kvote på 3 i planperioden	3
LNF Hatten/Nordvik	Kvote på 3 i planperioden	3
LNF Nautnes/Stølsnes	Kvote på 3 i planperioden	3
Sum		29


Kommentar: I tillegg er det i klausuleringsbestemmingane for nedslagsfeltet til Storevatnet opna for bygging av 1 bustad pr hovedbruk på Skjold. Det er 4 hovedbruk som ikke har delt frå tomt. For Skjoldepollen bustadfelt er det krav om VA løysing. I praksis vil dette bety at det må ein samleledning ut forbi Nautnes Fiskevær.

Rådmannen si vurdering:

Planutvalet 14.05.13:

Ingen endring.

Bakken




Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
Nordre Sæle	Regulert/framtidig	Om lag 25
Svellinghaugen	Framtidig	Om lag 60
Hellesøy hamn	Regulert	Om lag 15
LNF Nordre Sæle	Kvote på 3 i plangramlegg	3
LNF Hjelme	Kvote på 3 i plangramlegg	3
LNF Kalfaret	Kvote på 3 i plangramlegg	3
LNF Svellingen	Kvote på 3 i plangramlegg	3
LNF Hellesund	Kvote på 3 i plangramlegg	3
LNF Hellesøy	Kvote på 4 i plangramlegg	4
Sum		Om lag 120

Kommentar:

Planutvalet 14.05.13:

Svellingshaugen område B2-10 utgår. Området vert med det redusert til 40 einingar.

Hernar



Bustadareal	Planstatus	Antal einingar
LNF Hernar	Kvote på 3 i planframlegg	2
Sum		2

Dersom nokon vil bygge/busette på Hernar er det ikkje mangel på tomтар/kommunale godkjenningar som skal vera avgjerande. Det er og opna for frådeling/bygging av 4 hytter i same LNF område.

Kommentar:

Planutvalet 14.05.13:

Ingen endring.

Samla sum ledige einingar

Krins	Innbyggjarar pr 1.1.13	Ledige einingar (ca)	<i>Planutvalet 14.05.13: Tal som følgje av reduksjonar nemnd over</i>
-------	---------------------------	----------------------	---

Toftøy	1214	280	280
Rong	1238	490	490
Blomvåg	569	240	50
Breivik	411	370	305
Alvheim	566	420	400
Hatten	218	29	29
Bakken	330	120	80
Hernar	14	2	2
Sum	4560	1950	1636

Følgjande er rekna med:

- Areal sett av til bustadføremål i gjeldande plan/planframlegg – ikkje regulert, rekna med ca 1 eining pr dekar
- Regulerte felt, godkjente - tomtar som ikkje er selt/manglar bebyggelsesplan
- Regulerte felt, ikkje godkjente – tatt utgangspunkt i antal einingar i planframlegg
- LNF – kvote i planframlegg.

Det er bygd gjennomsnittleg 40 einingar i Øygarden dei siste 7 åra. Tar ein utgangspunkt i dei ca 1600 ledige einingane og deler dette på 40 får ein tomtereserve som teoretisk kan vare vel 40 år.

Tilråding frå Rådmann i høve motsegn

Motsegn mot bustadreserve – pkt 2 a og b i KURE vedtak

Toftøy:

Det vert ikkje tilrådd å ta ut bustadareal på Toftøy.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd.

Rong:

Eventuelle endringar på Rongøy må gjerast i kommunedelplan for Rongøy.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd.

Blomvåg:

Det vert tilrådd å ta ut felt B11 Knarvik. Feltet ligg lite sentralt i Blomvågen i høve infrastruktur.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd.

Breivik:

Det vert tilrådd å ta ut felt B2-4 Breivik. Breivik har allereie eit uregulert bustadfelt ved Svanneset. Det vert og vist til motsegn frå Fylkesmannen vedrørande risiko og sårbarhetsvurdering kring ny arealbruk nær dei store gass/oljeanlegga.

Planutvalet 14.05.13:

B2-4 vert oppretthalde, men redusert til berre å omfatte 45/5 og 45/15. Det kan oppførast 10 einingar i dette området.

Alvheim:

Det vert tilrådd å ta ut felt B23 Alvheim. I tillegg må ein vurdere alle nye områder rundt sentrumsplan for Tjeldstø dvs. B2-1 Sauøy, B22 Ådnevika nord og B21 Tjeldstø gard

*Planutvalet 14.05.13:**Ådnevika nord utgår grunna motsegn.**Tjeldstø gard vert endra til LNF område med spreidd bustadbygging. Kvoten vert auka frå 4 til 6 bustadar.**Bustadområde 53/6 vert endra til LNF område med spreidd bustadbygging. Kvoten vert auka frå 4 til 6 bustadar.***Hatten:**

Krinsen har forholdsvis lite tomtar. Det vert tilrådd å ikkje gjere endringar.

*Planutvalet 14.05.13:**Godkjend som tilrådd.***Bakken:**

Tilrår at B2-10 Svellinghaugen vert tatt ut av plan.

*Planutvalet 14.05.13:**Godkjend som tilrådd.*

Rekkefølgjekrav: Fylkeskommunen vil at ein har rekkefølgjekrav til alle nye bustadareal i føresegne. Dei nye områda som framleis er inne i plan etter avklaring mot Fylkeskommune, må vurderast opp mot eksisterande planar.

*Planutvalet 14.05.13:**Godkjend som tilrådd.***Motsegn mot manglende omsynssone for Hjelmevågen og Blomvåg kyrkje, pkt 3 a) i KURE vedtak**

Rådmannen tilrår at dette vert tatt inn i plan

*Planutvalet 14.05.13:**Godkjend som tilrådd.***Motsegn mot manglende føresegnskring Blomvåg kyrkje, byggegrense jfr kyrkjelova, pkt 3 b) i KURE vedtak**

Rådmannen tilrår at dette vert tatt inn i plan

Motsegn knytt til automatisk freda kulturminne; B 2-9 Sprengsneset og B 22 Ådnevika

Rådmannen tilrår at ein i først prøver å finne ei løysing der kulturminner vert ivaretatt ved omsynssoner/føresegner som gjev foringar for arealbruk. Dersom dette ikkje fører fram vil Rådmannen tilrå at områda vert tatt ut av plan.

Motsegn mot B 30 Trollevatn og B 4 Klyva/Toftøy grunna trafikksikring

Rådmannen tilrår at begge områda - B 30 og B4 vert tatt ut av plan. Alternativ kan ein på B 4 Klyva prøve å få ei løysing ved å opne for spreidd næringsbebyggelse på eit avgrensa område ved veien. Det er likevel lite truleg at dette vil kunne gjennomførast sidan ein må lage avkjørsle på austsida av vegen.

Rådmannen si vurdering av punkter utan motsegn:

Føresegnerne bør ha eit eige punkt om at rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks og fylkesvegar i Region vest blir lagt til grunn for saker som gjeld avkøyrslar

Skal innarbeidast i føresegene. Må sjekke ut om rammeplan er vedtatt pr mai 2013.

Føresegnerne bør sikre god sykkelparkering.

Kan bli tatt med som eit underpunkt til punkt 5 i føresegnerne

I samband med nye bustadområde må det vere mogleg å ha felles tilkoplingspunkt frå fylkesvegnettet. Eventuelt kan føresegnerne stille krav om at det i samband med utbygging skal gjerast ei vurdering av sanering av avkøyrslar til fylkesveg.

Kan ta med eit punkt om at ein i samband med utbygging skal vurdere sanering av avkjørslar

Føresegnerne bør sette krav om reguleringsplan der avkøyrsla blir nytta av ti eller fleire bustadeiningar

Kan medføre reguleringsvang for hus nr 10. Det kan vera betre å gjere ei samla vurdering – av antal bustader/veg- og kryssutforming – og krevje reguleringsplan når forholda tilseier det.

Føresegnerne må tydeleg vise at nye bustadeiningar i område for LNF spreitt skal nytte eksisterande kryss eller avkøyrslar frå fylkesvegnettet.

Kan takast med i føresegnerne for LNF - ja

Føresegnerne bør sette krav om utbygging av naudsynt infrastruktur (som opprusting og trafikksikring av vegar for mjuke trafikantar) fram til skule og andre møteplassar.

Rådmannen meiner dette er godt ivareteke i føresegnerne pkt 3.0 a)

Ny trasé på fylkesveg mellom Blomvågen og Flåten bør visast i arealplankartet.

Vert lagt fram for Planutvalet utan tilråding

Akvakultur: Plandokumenta bør justerast slik at dei samsvarar med eksisterande anlegg. Føresegnerne bør opne for forankring i fleirbruksområde i sjø.

Plandokumenta vil bli endra slik at dei samsvarar med eksisterande anlegg, og føresegnerne skal opne for forankring i fleirbruksområde i sjø.

Skjelsand: Føresegnerne bør sikre førsteprioritet for opptak av skjelsand i område på plankartet som er merka «SKJ».

Det kan bli tatt inn i føresegnerne

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd.

Fylkesmannen i Hordaland

Øygarden kommune har gjort eit godt arbeid med kommuneplanen. Det har vore tydeleg siling av innspel, god skildring av prioriteringane i planframlegget, fagleg dokumentasjon og oversiktleg konsekvensutgreiing. Nasjonale signal er godt innarbeidd i kommuneplanen.

Av konkrete arealframlegg meiner vi at to område i planen er i klar strid med nasjonale føringer. Det gjeld akvakulturområde i Skarvøyosen (område B7) som kjem i konflikt mellom anna med det regionale friluftslivet, og fritids- og turistføremål på Heggøy sør (område B19) som kjem i konflikt med det nasjonale strandsonevernet.

ROS-analysen manglar vurderingar knytt til dei store risikoobjekta i kommunen. I føresegne er det også nokre punkt som er i strid med nasjonale føringer.

Føresegne pkt 9.1 og 9.2 er i strid med det som kan tillata innan LNF formålet og må takast bort.

Føresegne punkt 16.5 (sjøbuers som har vore nytta i næring) må det kome fram at arealet for dei aktuelle sjøbuene må ha planformål næring eller LNF spreidd næring. Setninga «*Det gjeld endringar som naturleg kan innpassast i området*» er for vid og må endrast. Det vert ikkje opna for bustad/fritidsbustad i desse bygga.

Fylkesmannen har **motsegn** til desse punkta.

Rådmannen si vurdering:

Akvaområde Skarvøyosen vert tilrådd tatt ut av plan med bakgrunn i Fylkesmannen si grunngjeving av motsegn og Natur og ressursutval si negative tilråding til området.

Området B19 på Heggøy – Fylkesmannen tilrår at ein kan løyse utfordringane med å nytte LNF spreidd næring for den delen av området der det er tenkt å etablere fleire bygningar. Eit slikt konsept vil vera avhengig av å tilgang til sjø og det bør avklarast om LNF spreidd næring kan opne for dette. Rådmannen meiner dette kan vera ei løysing, men vil tilrå at adminstrasjonen går i dialog med forslagsstillar for å finne løysingar.

ROS analyse kring vurderingar knytt til dei store risikoobjekta i kommunen. Det er tatt kontakt med Statoil for å få til eit møte. Det vert tilrådd at adminstrasjonen arbeider fram eit forslag til løysing basert på dialog med Statoil/Naturgassparken.

Føresegne punkt 9.1 og 9.2. Dette var unntaksbestemmeslar som var meint for å unngå dispensasjoner for mindre tiltak. Forslaga var ikkje innafor gjeldane reglar og det vert tilrådd at adminstrasjonen i dialog med Fylkesmannen tar ein gjennomgang for å finne «handlingsrommet» i høve dette.

Føresegne pkt 16.5 – Det vert tilrådd å ta dette punktet ut av føresegne. Dette vil medføre at søknader om etablering av næring i eldre sjøbuer må handsamast som dispensasjon. I planskildring kan ein beskrive ei positiv haldning til slike søknader med visse vilkår. (ikkje etablering av bustad, fritidsbustad men næring)

Planutvalet 14.05.13:

Akvaområde Skarvøyosen vert oppretthalde.

Område B19 Heggøy – adminstrasjonen kontaktar forslagsstillar med tanke på ei justert løysning med utgangspunkt i motsegna .

ROS-analyse knytt til store risikoobjekt – adminstrasjonen arbeider vidare med å finne ei løysning knytt til dette motsegnet.

Elles godkjend som tilrådd.

Forsvarsbygg

Offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel 2012-2020 Øygarden kommune. Varsel om innsigelse

Viser til mottatt kommuneplan for Øygarden kommune til høring, og gir her vår uttalelse ihht avtalt frist. Forsvarsbygg uttaler seg til planer etter plan- og bygningsloven på oppdrag fra Forsvarsdepartementet med den hensikt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Forsvarsbygg må varsle innsigelse til forslag om etablering av akvakulturanlegg samt fiske- og trålingsfelt, der disse overlapper Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø, slik det er vist i kommuneplanen.

Forsvaret har bekreftet behov for sjøfeltet V12 med den avgrensning som angitt. Med basis i dette, mener Forsvarsbygg at det ikke bør legges opp til konflikt, da de to forannevnte formålene ikke hører til innenfor et skyte- og øvingsfelt, men at en heller bør prøve å unngå det i planleggingsfasen. Fareområdet kommer i strid med sivile formål, og det kan bli en virksomhetskonflikt.

Inntil det er nærmere avklart hva konsekvensene av overlappende formål kan bety, må Forsvarsbygg varsle **innsigelse** til dette punktet i kommunens forslag til arealdisponering i kommuneplanens arealdel.

Rådmannen si vurdering:

Det er tatt kontakt med Fiskeridirektoratet som gjev følgjande tilbakemelding:

«Jf. forskrift om militære forbudsområder innen Sjøforsvaret ser jeg ikke at det er knyttet særskilt forbud mot fiske innenfor sjøområder i Øygarden. Ser derfor ikke at sjøforsvaret har hjemmel å kreve forbud mot tråling eller for den saks skyld annet fiskeri i sjøområdet i forbindelse med planlegging etter PBL.

I arealformål etter PBL er det § 11-7 første ledd nr 4 som regulerer arealbrukskategorien forsvar. I lovkommentaren (s 92/93) fant jeg mulig forslag til løsning:

Nr. 4 Forsvaret: "...Områder som brukes i sammenheng med øvelser, men hvor Forsvarets virksomhet ikke er hovedformål kan legges ut som hensynssone etter § 11-8 andre ledd bokstav a, med restriksjoner i forhold til annen arealbruk når området brukes til øvelse..".

Austevoll kommune har tilsvarende lagt tatt inn øvelsesområde i Bjørnefjorden som hensynssone.

Fiskeridirektoratet region Vest vil ikke sette seg i mot at sjøområdet vises som hensynssone Forsvaret på kartet, men vi ser ikke at det er hjemmel for å lage vedtekter med permanent forbud mot tråling/fiske.

Når det gjelder spørsmål om akvakultur henviser jeg i første rekke til Hordaland fylkeskommune, ta kontakt med Endre Korsøen. Det allerede er gitt flere tillatelser til akvakultur og disse kan vanskelig trekkes tilbake på bakgrunn av de interesser forsvaret nå tilkjennegir.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tilrår at ein tar kontakt med Forsvaret for å finne ei løysing jfr tilbakemelding fra Fiskeridirektoratet Region Vest. Akvaområdet ved Vadholmen nord for Hernar bør kunne justerast slik at det ikkje overlappar øvings- og skytefelt. Det vert og vist til innspel frå Hennco Laks om ei utviding av området for å dekke inn arealbehov til fortøyning osv

*Planutvalet 14.05.13:
Godkjend som tilrådd.*

Innspel frå offentlege instansar utan motsegn:

Bergen og Omland Havnevesen

Ber om meir informasjon om planlagt utfylling i Ljøsøybukta

Vidare heiter det i merknaden:

«Plankartet viser ikke konkrete tiltak, vi ber derfor om å få tilsendt tegninger før det iverksettes tiltak i sjø. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.»

Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.»

Rådmannen si vurdering:

Det kan i føresegne visast til at tiltak i sjø krev tillating fra BOH. Informasjon om planlagt utfylling i Ljøsøybukta kan oversendast når ein reviderer reguleringsplanen for Naturgassparken.

*Planutvalet 14.05.13:
Godkjend som tilrådd.*

Bergen Sjøfartsmuseum

Vedr. Offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealDEL og samfunnsDEL 2012-2020 Øygarden kommune. Forholdet til marine kulturminner.

Vi viser til brev fra Øygarden kommune dagsett 05.11. 2012. Saken har vært til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Vårt ansvarsområde, etter forskrift til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminner, gjelder marine kulturminner og omfatter derfor sjøområdene og strandsonen, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter forskriftene til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne berøre sjøbunn.

Museet er videre rette myndighet til å kreve undersøkelser ved tiltak, planer og utredninger som kan berøre kulturminner under vann, og skal derfor varsles ved oppstart av alle regulerings- og bebyggelsesplaner, samt andre tiltak som omfatter sjøareal. Vi minner om at undersøkelsesplikten i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbunn og i vassdrag. Eksempler på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vannledninger, bygging av kaier, brygger med mer.

Varslingen skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må forelegges fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderinger av hvilke planer som krever særskilte undersøkelser vil bl.a. ta utgangspunkt i foreliggende kunnskaper om forekomst av kulturminner, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensiale for marine kulturminner.

I Øygarden kommune har museet foreløpig registrert 12 lokaliteter i Riksantikvarens database for kulturminner, Askeladden. De fleste marine kulturminnene er skipsvrak eller funn av eldre gjenstander

som har vært last eller kan knyttes til fartøyer. Kulturminnelovens § 14 verner om skip og last eldre enn 100 år. I tillegg er det i kommunen en stor gruppe lokaliteter i kategorien fiske - og fangstsystemer, det vil si steinsatte sperringer i våger eller bukter hvor en har drevet veiding etter hval eller fisk, for eksempel sild eller makrell. De stedene vi kjenner denne typen verneverdige anlegg er Herdleværbrua, Ovågen, Balsvågen, Høgholmen/Skogsøy og Austrevågen ved Rong. Dette er sjeldne kulturminner med antatt svært lang brukstid, kanskje tilbake i forhistorisk tid. Øygarden kommune er den kommunen på Vestlandet med flest registrerte slike fangstanlegg. I tilknytning til gamle ankrings- og havneområder finner man ofte marine kulturminner og maritime kulturmiljøer, og slike steder i kommunen anser vi som viktige for marinarkeologien. Eksempler her er de gamle kremmerleiene på Hernar og Hellesøy. Av årsaker knyttet til bl.a. fare for kulturminnekriminalitet ved ulovlig dykking er ikke alle kjente marine kulturminner (spesielt skipsvrak) i Askaddenregisteret. Det er derfor viktig å merke seg at det kan finnes vernede eller verneverdige marine kulturminner utenfor denne tilgjengelige oversikten.

Den generelt store funnmengden når det gjelder marine kulturminner og det store potensialet for å gjøre slike funn gjør at store deler av Øygarden kommune utgjør prioriterte marinarkeologiske områder.

Bergens Sjøfartsmuseum anmøder Øygarden kommune om å sørge for at kommuneplanens forskrifter innehar bestemmelser som sikrer at alle planer og enkelttiltak som skal foregå i eller i direkte tilknytning til sjø skal forelegges Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.

Rådmannen si vurdering:

Innspelet blir tatt til etterretning

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd.

NVE

Fråsegn til offentleg ettersyn av kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel 2012 – 2020

Vi syner til Dykkar breva datert 05.11.2012. Saka gjeld offentleg ettersyn av kommuneplanen, areal og samfunnsdel 2012 – 2020.

Sentral- og regionalnettsanlegg er unntak fra PBL sine planføresegner. Slike energianlegg skal synes i plankartet som omsynssone PBL § 11-8 d). I Øygarden kommune er kraftleidning fra Ljøsneset til transformatorstasjon på Kollsnes ein del av regionalnetter. Meir rettleiing om korleis slike anlegg skal innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel kan finnast i MD sin kommuneplanrettleiars 135. Vi oppmodar om at kommunen tek kontakt med netteigar for ytterlegare opplysningar om nettsystemet. Vi gjer også merksam på dei restriksjonane som gjeld for synleggjering av nettdata i planen, jf kommuneplanrettleiaren.

Rådmannen si vurdering:

Innspelet blir tatt til etterretning

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd.

Bergen kommune

Høringsuttalelse - Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel for Øygarden kommune

Byrådet behandlet planen i møte 24. januar d.å. og fattet følgende vedtak:

I. Bergen kommune avgir høringsuttalelse slik det fremkommer i saksutredningen

2. Melding om vedtaket sendes bystyrets kontor

Bergen kommunes høringsuttalelse:

«Øygarden kommune har lagt ut forslag til kommuneplanens samfunnssdel og arealdel 2012- 2020 til offentlig ettersyn, med høringsfrist 1. mars 2013. Planarbeidet startet opp i mars 2008, og planprogrammet ble vedtatt i juli 2009.

Øygarden kommune forventer en årlig befolkningsvekst på 1,36 % i planperioden (SSB prognose for høy vekst). Halvparten av alle yrkesaktive pendler daglig, og omtrent 650 personer pendler til Bergen og Askøy Øygarden kommune inngår i *Region Vest*, sammen med Askøy, Fjell og Sund kommuner. Kommunen deltar også i *Regionrådet Vest* og i *Business Region Bergen*.

I samfunnssdelen er behovet for regionalt og interkommunalt samarbeid nærmere beskrevet, og Øygarden kommune mener ny fastlandsforbindelse mellom Bergen og Fjell er nødvendig for at utviklingen i regionen ikke skal stoppe opp. Øygarden kommune samarbeider med Bergen kommune om en vaktordning innen barnevernet (Barnevernvakten) utenom arbeidstid og i ferier. Det blir også vist til havnesamarbeidet og behovet for samarbeid på tvers av kommunegrensene når det gjelder nye næringsetableringer. Det blir videre pekt på behovet for å styrke interkommunale ordninger innenfor kommunal tjenesteyting.

Byråden viser til Bergen kommunes brev datert 30. oktober 2012 vedrørende kommunal planstrategi for Øygarden kommune, og mener kommuneplanen og planstrategien for Øygarden kommune på en god måte støtter opp om felles regionale strategier for utvikling av Bergensregionen.

Det vil de neste årene skje en betydelig befolkningsvekst i Bergensregionen. Øygarden kommune ligger innenfor pendleravstand til Bergen, og inngår i et felles arbeids- og boligmarked i Bergensregionen. I regionen er det behov for et effektivt transportsystem og et godt kollektivtilbud med tilrettelegging av nye boligområder nær kollektivtraseene. Det er positivt at kommuneplanen legger vekt på betydningen av gode kommunikasjoner mellom kommunene i vest og Bergen.

Øygarden kommune er med sine store anlegg knyttet til petroleumsindustrien, særlig viktig i regional sammenheng. I sin uttale til «Næringsarealprosjektet» som er utarbeidet i samarbeid med Business Region Bergen (BRB), har byrådet lagt vekt på å styrke samarbeidet med nabokommunene, særlig når det gjelder tilrettelegging av næringsarealer. Bergen kommune mener det regionale samarbeidet om framtidig næringspolitikk må styrkes ytterligere, og vurderer det som positivt at kommuneplanen støtter opp under denne utviklingen.»

Rådmannen si vurdering:
Innspelet blir tatt til etterretning

Planutvalet 14.05.13:
Godkjend som tilrådd.

Innspel frå kommunale politiske nemnder/organ:

Komit   for teknikk vedtak 28.01.2013:

KTEK tek revisjon av kommuneplan til orientering

R  dmannen si vurdering:
Planutvalet 14.05.13:
Godkjend som KTEK.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 31.01.2013:

RFF sluttar seg til planforslaget og er positiv til at det er teke omsyn til universell utforming i den vidare utviklinga av Øygarden kommune.

Rådmannen si vurdering:

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd av RFF.

Eldrerådet 4.2.2013

Eldrerådet sluttar seg til planforslaget med slike merknadar:

- 1) Eldrerådet er generelt bekymra for vass-situasjonen i Øygarden kommune, og spesielt for vasskjelda i nordre delen av Øygarden ligg svært nært opp til vegen.
- 2) Eldrerådet meiner at i forbindelse med utbygging av hytter, må parkeringsplassar til desse prioriterast og klargjerast før hyttene vert godkjende.

Rådmannen si vurdering:

For vassituasjonen vert det vist til hovedplan for vatn som er under revisjon.

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd av Eldrerådet.

Komit  for levek r 

KLEV-015/13 VEDTAK:

KLEV sin uttale til kommuneplanen sitt h yringsutkast vert som referert under handsaming over.

Det kom framlegg om at det vart lagt inn eit eige punkt som omhandlar legetenesta med fokus p  kvalitet p  tenesta under punkt 8.3.3 «Helse, pleie og omsorg» i kap. 8 «Levek r » p  side 25. Det m  utformast ei m lsetjing om legetenesta som vert lagt til under punkt 8.1 MÅL p  side 23.

F lgjande nye m lsettingar skal leggjast til under punkt 8.1 MÅL p  side 23.

«Karakterresultata for elevane i  ygardsskulen skal minst liggja p  landsgjennomsnittet eller over».

«Skulefritidsordninga skal styrkast ved   integrera tilbod fr  kulturskule, idrett og friviljuge organisasjonar i SFO-tid».

Ny strategi under punkt 8.2 p  side 23:

«Kommunen skal styrkja samarbeidet mellom skulane gjennom kunnskapsdeling og erfaringsoverf ring».

«FAU si rolle skal tydeleggerast og styrkast for   utvikla skulen».

Under kap. 9 «Kultur og fritid» vil KLEV peika på at ein ny kulturplan er utforma, og at målsettingar og tiltak i den nye planen må harmonera med det som står i samfunnsdelen.

Ny/endra strategiar under punkt 9.2 på side 28:

KLEV ønskjer å fjerna strategien (siste kulepunkt) om at det skal utarbeidas ein kulturminneplan.

«Det skal byggjast idrettshall/fleirbrukskall på Rong, som kan stimulera og utvikla eit mangfaldig idrettsliv i kommunen og gje positive bidrag til folkehelsearbeidet».

Justering av tekst under punkt 9.3.1 på side 28:

- Idrett: fotball, skyting, symjing, styrkeløft, basketball, volleyball og dans
- Song og musikk: musikkorps, barne-, ungdoms- og vaksenkor, trekkspel, musikkgrupper og band

Utvila målsetting under punkt 14.1 MÅL (kompetanse) på side 42:

«Kommunen vil stimulera til at ein større andel av innbyggjarane tek høgare utdanning».

HANDLINGSPROGRAMMET side 46-50:

KLEV vil ta ut plantiltak nr. 1 om utarbeiding av ein kulturminneplan.

Nytt driftstiltak: «Foreldrerolla i skulen må styrkjast og det må vera høg fokus på dei kommunale FAU-organa gjennom nødvendige tiltak for å styrka deira posisjon».

ANDRE INNSPEL:

KLEV hadde ein debatt om visjonen i planen. Det var semje om å få inn ein ny setning: «Gjer kvarandre gode» som vert tilpassa visjonen.

KLEV etterlyser eit avsnitt om demokrati og folkevalde der fokus er på framtidig rekryttering som sikrar eit levande lokaldemokrati.

Rådmannen si vurdering:

Komiteen sitt vedtak blir lagt fram for Planutvalet – som må ta stilling til innhald i vedtak. Rådmannen vil ikkje meine noko om politiske utval/nemnder/komitear sine merknader til planframlegg.

Planutvalet 14.05.13:

*Godkjend som tilrådd av KLEV. Kulturminneplan må likevel utarbeidast.
Visjonen er godkjent ved eigen behandling tidlegare, og skal ikkje endrast.*

Natur og miljøutvalet 12.12.12

NAM-016/12 VEDTAK:

Natur og miljøutvalet tilrår at framlegg til nytt akvaområde i Skarvøy vert tatt ut av planen. For grunngjeving vert det vist til konsekvensutgreiinga som viser at området har verdi for fritidsfiske, ligg nær bilvei og nærliek til naturreservat for sjøfugl. Det vert og vist til at slike anlegg har store ankersystem som gjer at store areal vert bandlagt.

Rådmannen si vurdering:

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd av NAM.

Næringsutvalet 15.02.13

Rådmannen si vurdering:

Planutvalet 14.05.13:

Godkjend som tilrådd av NÆR.

Vidare saksgang fram mot 2. gongs høyrings - desember 2013

Kort om saka:

I møte 17. desember 2013 la Planutvalet fram forslag til kommuneplan 2014-2022 til 2. gong offentleg ettersyn. Frist for å koma med merknader er sett til 1. mars 2014.

Saksopplysningar:

Planutvalet vedtok i møte 17.12.13, sak 090/13, å legge forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel 2014-2022 ut til 2 gongs offentleg ettersyn. Vedtaket vart fatta i medhald av § 11-14 i plan- og bygningslova.

Følgjande dokument er lagt ut til offentleg ettersyn:

Samfunnsdelen: Planhefte, høyringsversjon datert 17.12.2013

Arealdelen : Planskildring, plankart i målestokk 1:30.000 sist oppdatert 01.11.2013, føresegner, konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Framlegg til plan vert sendt til alle aktuelle nemnder og utval for uttale.

Saksutgreiing:

Under er det tatt med deler av saksutgreiing til Planutvalet 17. desember. For å sjå heile saksutgreiinga vert det vist til vedlegg «saksutgreiing» til saka.

Det vart motteke 54 merknader etter at planen hadde vore ute til 1 gong offentleg ettersyn med frist 1. mars 2013. Det vart fremja motsegn frå 3 offentlege instansar; Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Forsvarsbygg. Planutvalet tok stilling til alle innspela i møtet 14.05.13 Det har vore dialog med instansane som fremja motsegn og dokumenta som vert lagt fram til 2. gongs høyring er Øygarden kommune sitt tilsvarende.

Planutvalet vedtok å sende 17 nye merknader til konsekvensutgreiing – desse er merka «supplerande innspel» med løpenummer B3-1 til B3-17. Nokre av desse innspela er tatt inn i plan sjølv om dei ikkje er tilrådd i KU/ROS. Dette gjeld:

- B3-5 Toft
- B3-12 Breivik
- B3-16 Nordre Sæle

Tabellen under viser endringar i plankart som er gjort etter 1. gongs høyring:

Nr.	Endring	Kommentar
1	Naustområde på 45/3 – Britt Breivik Myren skal utvidast til å omfatte den del av fyllinga som er godkjent – frå tilbake til 60 talet	Kart datert 2.7.13 viser fylling frå 1999 – grense i kpl blir sett som denne. KU: B3-1
2	Akvakultur – justere eksisterende AK områder slik at dei stemmer med «terreng» dvs justering av område må sjekkast opp mot godkjent lokalitet. Må sjekkast opp mot Fylkeskommune/akvakulturregister	Gjeld følgjande lokalitetar: <ul style="list-style-type: none"> • Rotøy lok. Nr 11770 • Gardskråneset lok. Nr 11667 • Syrtangen lok.nr 10309
3	AK – Vadholmen, justere framtidig område område slik at det ikkje overlappar med øvingsområde Forsvaret. Litt utviding i vest – om lag i samsvar med innspel frå Hennco laks saknr 12/380 - 61	Området er justert KU: B3-2
4	Gnr/Bnr 53/178 skal visast som eksisterande bustad i kart	Eigedomen kan visast med føremålet eksisterande bustadområde (SOSI 1100) KU: B3-3
5	Grense mellom LNF ja/nei vert utvida på Alvheim ved 53/209 og 210	Grensa kan i framkant av desse tomtane følgja LNF grense i gamal plan. Vidare utviding av eit mindre område ned til veg pga tilkomstveg. KU: B3-4
6	Utvide LNF område Toft (B6 – i KU)	Vurdert tidlegare i KU – NB området er krympa litt i høve kart i KU. KU: B3-5
7	Utviding av område for regulering Kjøpmannsvågen	Området er allereie med i planforslaget, men er vist med doble omsynssoner. Omsynssone landbruk skal trekka tilbake slik at den ikkje overlappar med gjennomføringssone
8	Utviding av 53/169 Alvheim	Naustområdet er utvida slik at det kan byggjast eit naust på tomta
9	Utviding av LNF grense Lyngøy 10/2	Utviding i kant av terreng rundt to høgdedrag KU: B3-6
10	Utviding av LNF grense Nordvik 5/13	Skal leggjast inn som LNF spreidd bustad

		utan overlappande omsynssone KU: B3-7
11	Formålsendring 9/222 (heile formålsområdet som og omfattar mindre delar av andre eigedomar)	Endre formål frå næring til «bebyggelse og anlegg» der ein i føresegner skal beskrive nærmare kva ein skal opne opp for. Reguleringskrav
12	Sulo – område for fritidsbebyggelse med krav til regulering skal gjerast om til LNF spreidd hytte. 2 utvidingar av området i sør. Nytt område for LNF spreidd naust langs Sulesundet	Justert grense mellom LNF og naust spreidd slik at områda heng saman og at naustområdet ikkje vert for tjukt. Oppdatert tabell spreidd naust med nytt område Sulesundet med kvote 3 naust i planperioden
13	34/253 Nytt område for spreidd naustbebyggelse	Oppdatert tabell spreidd naust med nytt område Lammetøkje/Vik – 1 naust i planperioden KU: B3-8
14	Sauøy – 3 endringar	Område for bebyggelse og anlegg blir utvida 3 plasser – 2 områder i sjø skal visast som småbåthamn. Framleis krav til felles regulering/områdeplan for heile Sauøy – inkludert dei 2 nye områda i sjø. KU: B3-9
15	Omsynssone Hjelmevågen	Omsynssone kulturmiljø skal og omfatte nytt område for naust 8/1
16	Utviding av område for framtidig bustad 43/1 Ovågen	Området kan følgje heile hellinga nordover og til og med fylling. Er sett av til bustadføremål i gjeldande reguleringsplan for Kollsnes. Området vert difor ikkje vurdert etter KU
17	Utviding av småbåthamn Tjuvika	Området ein no utvider med har i gjeldande reguleringsplan formål fiske (kaste og låssetting) KU: B3-10
18	Utviding av LNF – spreidd bustad på 49/38 og 39 på Dåvøy	Ny grense i forkant av hus og garasje
19	Utviding av naustområde i Toftevågen 35/227 og 228	Omsynssone kultur vert justert likt som utviding av naustområde KU: B3-11
20	Utvide naustområde 45/77 Breivik	Naustområde kan flyttast austover til eigedomsgrense
21	Naustområde Austevika Breivik 45/1	Området blir lagt inn som naustområde – og skal regulerast i heilskap med tilknytt byggeområde i sør på 45/5 – dvs gjennomføringssone på heile området.

		KU: B3-12
22	Nytt område for spreidd naustbebyggelse 3/3 Hattepollen	Tabell område spreidd naust oppdatert med dette området. KU: B3-13
23	Område for hotel m.m på Svaneneset, Breivik – justert planframlegg	<ul style="list-style-type: none"> • Hovedformål er endra til SOSI – kode 1800 som opnar for kombinerte formål. Andel fritidsbebyggelse er sett til maks 50% av einingane før hotellet er bygd (beskrive i planskildring) • Storleiksgrense for hytter er auka frå 100 til 125m² – (planskildring) • Området innafor Yssenskjeret kan planformål endrast til «småbåthamn» (frå friluftsområde) – tatt med i planskildring/føresegner at det er opna for molo • 45/20 blir ein del av hovedføremålet i planområdet • Der omsynssone landbruk overlappar med omsynssone felles planlegging – skal omsynssone landbruk fjernast. • Beskrive i Planskildring at kommunen set krav om at vegtrase vert avklart i detaljplan – og at vegtrase må bli etablert før hovedtyngda av utbygging på Svaneneset • <u>Gjennomføringssone tatt bort</u>
24	35/10 Stekkevika Toft – nytt område småbåthamn og naust	Området ved Stekkevika skal visast som område for fellesnaust og småbåthamn – utan kjøyreveg – Krav til reguleringsplan KU: B3-14
25	Endringar i planstatus for 35/10 Toft	<p>Område vist som framtidig bustadområde med krav til regulerung skal omgjerast til LNF spreidd bustad.</p> <p>Område vist som noverande bustadområde skal visast som framtidig bustadområde med krav til regulerung</p>
26	Nytt AK område Kjeøyna - Hjelme	<p>Tilpass AK område i forhold til grense for skyte og øvingsfelt osv. Skal ha ei fleir brukssone langs land.</p> KU: B3-15
27	Nytt bustadområde 41/10 – ut av plan	Tilbakeført til LNF – nei. Oppdatert planskildring/føresegner
28	Justering nytt bustadfelt Breivik (referert som B2-4 i KU) Skal kun omfatte 45/5 og 15	Ta ut andre eigedomar som i høyringsforslag låg ligg inne i området. I planskildring/føresegner skal det gå fram

		at området kun kan regulere 10 nye eininger.
29	Bustadfelt (referert som B23 i KU) skal ut av plan – nytt planformål er LNF spreidd bustader	Kvoten for LNF for område Alvheim vert justert opp frå 4 til 6 hus.
30	Ådnevika Nord bustadfelt	Gjekk ut av plan etter motsegn frå Fylkeskommunen. Etter møte med Fylkeskommunen vart det presisert at det ikkje var motsegn mot området – men eit krav om at kulturminner vart omsynstatt i seinare regulering. Ådnevika nord vert difor ikkje tatt ut av plan jfr og møte i Planutvalet 10.09.13
31	Tjeldstø gard bustadfelt går ut (referert som B21 i KU)	Nytt planformål er LNF – og grense LNF ja/nei skal gå som før. Kvote LNF ja skal aukast for LNF område Tjeldstø frå 4 til 6
32	Svellinghaugen – framre del (referert som B2-10 i KU) går ut av plan	Svellinghaugen vert redusert til ikkje å omfatte den delen som ligg framom busetnad på Kalfaret.
33	Godkjent reguleringsplan Blom bustadfelt	Opnar ikkje for meir detaljregulering i planperioden – låser planen. Skal beskrivast i Planskildring.
34	Ny omsynssone c) rundt Blomvåg kyrkje	Tilsvarande omsynssone som rundt Hjelme gamle kyrkje/Hjelmevågen. Omsynssona skal vera 60 meter rundt bygget jfr kirkelova § 21 femte ledd. Tekst rundt dette skal inn i planskildring/føresegner
35	Nytt hyttefelt B 2-9 Sprengsneset – justering av planområde - påleggning av omsynssoner	Heile området foreslått som B 2-9 skal ha krav om felles planlegging av utbyggingsområde (omsynssone e) I tillegg skal område vist på kart ha omsynssone c). For dette området skal og hovedformålet vera hyttebygging – og det er omfatta av krav til felles planlegging. Forslag til retningslinjer i referat frå møte med Fylkeskommunen
36	Forslag nytt område for campingplass Trollevatn (B30 i KU) går ut av plan	Skal tilbakeførast til LNF - nei
37	Område for fritid/nærings Toftøy – Klyva (B4 i KU) går ut av plan	Skal tilbakeførast til LNF - nei
38	Område B19 Heggøy – planstatus skal endrast	Planstatus for området er endra til LNF – spreidd næring med reguleringsplan.
39	Utviding av LNF – ja område gnr/bnr 7/10 og 7/231	Utviding av LNF – ja område med om lag 1,8 dekar på vestsida av vegen ut mot Vardneset.

		KU: B3-16
40	Areal til nytt vassverk Steinsvatnet, Blomøy	<p>Areal til nytt vassverk er sett av rett nord for eksisterande vassverk. Det vil og gå ei kabelgrøft ned til Eidevatnet der ein pumpestasjon skal etablerast. Kabelgrøft og pumpestasjon er ikkje vist til kart.</p> <p>Trondalsvatnet med nedbørsfelt er inkludert i eksisterande båndlagte område H 110_4 drikkevatn nedslagsfelt.</p> <p>KU: B3-17</p>
41	Utviding av eksisterande område for fritidsbustader 6/22 Nautnes	<p>Området Stordiket nord for Nautnes har planstatus «eksisterande fritidsbustader». Det er nå starta ein reguleringsprosess for området og i kommuneplankart er ein liten del av 6/22 tatt med som område for fritidsbustad. Det inkluderte området er om lag 0,5 dekar og omfattar m.a ei eksisterande hytte.</p>
42	Reguleringsplan 125919870005 Sture ABB (vedtatt i kommunestyret 24.02.1987)	<p>I kommuneplan 2006 – 2014 var ikkje denne planen lista opp over dei reguleringsplanane som skulle gjelde. Bakgrunn for dette var at planområdet hovedsakleg ligg innafor nedslagsfelt til Storevatnet og i arealplanen var området vist som båndlagt etter anna lovverk (kvit bakgrunn). I framlegg til ny plan er området vist med formål industri, men med omsynssone «sikringssone – nedslagssfelt drikkevatn». Aktuell plan er nå nemnt i lista over planar som framleis skal gjelde. I planskildring er det sett krav om tiltak dersom reguleringsplanen skal utviklast vidare. Tiltaka skal medverke til å unngå avrenning til nedslagsfelt.</p>

Innhald i tabell over viser korleis motsegnene frå Fylkeskommune, Fylkesmann og Forsvarsbygg er handsama. Det vert vurdert slik at dei fleste motsegnspunkta er løyst. I korte trekk kan motsegnspunkta oppsummerast slik:

- Fylkeskommunen: Saka var først diskutert på rådmann/fylkesrådmann nivå. Seinare møte var på sakshandsamarnivå. I referat frå møtet 18.06 står det ikkje att motsegnspunkt som ikkje er avklart.
- Fylkesmannen: Området B19 på Heggøy er gjort om til LNF – spreidd næring med reguleringskrav. Dette er gjort i samarbeid med tiltakshavar. Det var og motsegn til føresegner som omhandla unntaksbestemmingar. Desse er tatt ut av plan. Når det gjeld motsegn til manglane vurderingar kring risikoobjekta i kommunen så har det vore god dialog både med Statoil/GasNor og med Fylkesmannen. Øygarden kommune har hatt to møter med representantar frå Statoil og GasNor (Naturgassparken) der motsegna vart

diskutert. Det har og vore møte med Fylkesmannen for å forsikre at kommunen var «på rett kurs» i saka. Konklusjonane etter møta er inkludert i KU/ROS.

Akvaområde Skarvøyosen er ikkje tatt ut av plankart.

- Forsvarsbygg: Akvaområdet nord for Hernar er justert slik at det no ligg utanfor øvings- og skytefeltet. Etter Rådmannen si vurdering bør det ikkje vera noko konflikt mellom reketråling og militært øvings- og skytefelt i Hjeltefjorden. Dette handlar meir om samordning av statlege interesser.

Samfunnsdelen

Det er gått eit år sidan kommuneplan vart lagt ut til 1 gongs høyring. Tabellar og grunnlagsmateriale går fort ut på dato – samfunnsdelen er oppdatert pr november 2013 med nye tal på m.a framskriving av folketalet. Handlingsdelen er og oppdatert.

Føresegner

Føresegner og Planskildring er og gjennomgått og oppdatert i samsvar med innspel frå offentlege styresmakter. I tillegg er det lagt til eit par punkt:

- Garasjar kan ha maksimal mønehøgde på 5 meter jfr pkt 10.4
- Det vert ikkje opna for innlegging av vatn i naust jfr pkt 16.2 h)

Vurdering:

Slik Einingsleiar teknisk plan og forvaltning vurderer det er det gjort så mange endringar etter 1. gong offentleg ettersyn at planen må ut på 2. gongs offentleg ettersyn.

Tabellen over viser endringar som er gjort i arealdel etter 1. gongs ettersyn. I tillegg er samfunnsdel, føresegner og planskildring gjennomgått og oppdatert.

Det er halde tett dialog med dei offentlege instansane som kom med motsegn etter 1. gongs høyring. Slik Einingsleiar vurderer det er dei fleste av desse motsegnene løyst – med unntak av akvaområde i Skarvøyosen.

Det vert tilrådd at revidert kommuneplan for Øygarden kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn etter gjeldande reglar. Planframlegget består av følgjande dokument:

- Samfunnsdel
- Arealdel med plankart
- Føresegner/planskildring
- Konsekvensutgreiing og ROS analyse

Økonomiske konsekvensar:

Det er viktig for kommunen å ha eit oppdatert planverktøy som gjev rom for vekst og utvikling, men samstundes vernar om fellesskapsinteresser som natur og miljø.

Miljøkonsekvensar:

Det vert vist til vedlagte konsekvensutgreiing og ROS analyse for vurdering av konsekvensar

Folkehelseperspektiv:

Viser til kapittel i samfunnsdelen om folkehelse.

Vurdering og konklusjon:


Saka vert lagt fram til ulike utval og nemnder for å koma med merknad innan 1 mars 2014

Nye opplysningar i saka 01.04.2014

Saksopplysningar:

Framlegg til kommuneplan 2014 – 2022 har vore på 2. gongs høyring til 1. mars 2014. Samla vart det mottatt 32 merknader til planforslaget frå private, næring, offentleg og kommunale utval/nemnder.

Ved kunngjering av høyring vart det understreka at det ikkje vart opna for nye innspel. Bakgrunnen for dette var eit ønskje om å kunne sluttføre planprosessen utan ei tredje høyring - sidan nye tiltak ville medføre ny høyring. Rådmannen si tilråding til Planutvalet har tatt omsyn til dette og endringar som medfører konsekvensutgreiing eller ny høyring vert ikkje tilrådd sjølv om ei planendring i seg sjølv kunne vore fornødig. Kommuneplanprosessen har etter kvart blitt ein kontinuerleg prosess der det er viktig å kunne sette ein strek og vise nye innspel til neste revisjon.

Nr.	Merknad
1	<p>Sameigelaget på Lyngøy v/Cato Lyngøy</p> <p>Høyringsuttale Ynskje om endring av status for sameiget-arealet i Lyngøy hamn</p> <p>Me viser Kommuneplanen i Øygarden kommune som no ligg ute på høyring. Sameigelaget på Lyngøy har sendt eit innspel til kommuneplanen dagsett 3. juni 2013, men me var då utanom fastsett høyringsfrist. Ettersom Kommuneplanen no er lagt ut på ny høyring, ynskjer me å fremja dette framlegget på nytt.</p> <p>Hovudbrukseigarane på Lyngøy har i mange år hatt ynskje om å få tatt ei bruk naust og sjøburettar frå utskiftinga av 1919. Det har likevel vore usemjje om korleis rettane skulle forståast, og i 2009 sendte me derfor saka over til Jordskifteretten for å få ei endeleg avgjerd. Dom fall i saka hausten 2012. Domen er såleis rettskraftig¹. Jordskifteretten la opp til at hovudbruka måtte handla samla i hamneområdet og at ei planmessig tilnærming kunne vera kravd av ansvarleg planmyndighet. Som ledd i domen vart bruka tildelt bruksrettar avmerka på kartet (vedlegg 1). Det vart også oppretta eit Sameige for fellesarealet ved sjøen – <i>Sameielaget i havna på Lyngøen</i>. Dette vart formelt konstituert mellom hovudbruka 19. februar 2013 med underteikna som leiar². Me er såleis no klare til å ta fatt på prosessen med å få ei betre utnytting av området.</p> <p>For komande planperiode trur vil me ha våre behov stetta med å få definert hamna til naustområde med høve til å oppføra inntil tre naust. Det går fram av kartet som er vedlagt domen kvar desse nausta må stå og bruka er samde om at dette er eit godt nok grunnlag utan å gå vegn om eigen reguleringsplan, i alle fall ikkje for den komande planperioden. Dersom ansvarleg planmyndighet også er samde i den oppfatninga, synest dette å vera ei god løysing for oss.</p> <p>Gjeldande arealplan (2006-2013) har dette definert som LNF-nei område. Me ber derfor om at endringa vert tatt med i planen, og at området vert merka som naustområde med høve til å føra opp inntil tre naust i komande planperiode.</p> <p>Subsidiært, dersom det ikkje kan reisast naust utan å gjennomføra ein full reguleringsplan, ber me om at planstatus for området vert tilrettelagt for ein detaljert planprosess.</p> <p>For Sameigelaget på Lyngøy,  Cato Lyngøy</p> <p>Rådmannen si vurdering: Rådmannen vil ikkje tilrå at planstatus for Lyngøy hamn vert endra til LNF spreidd naust eller naustformål med reguleringskrav. Ei slik løysing vil kunne medføre konsekvensutgreiing og ny høyring.</p>

Otto Sulen

Øygarden kommune
v/ Råmund Skjold
Tjernholmen 2
5337 Rong

Bergen 30.01.2014

2

Otto Emil Sulen
Inndalsveien 5
5063 Bergen

ØYGARDEN KOMMUNE Sentralarkivet		Dok.nr.
- 3 FEB 2014		8
År/saksom:	1869	J.post ID:
Ark.kode P:	116	
Ark.kode S:		Saksh. PSK

Innspill til revidert kommuneplan.
Nøst Sulø

I forslaget til revidert kommuneplan er det tilrådd oppført inntil 3 nøst i eksisterende nøstbebyggelse. Jeg er eier av G.nr. 11 B.nr. 50 og G.nr.11 B.nr.138 det siste fikk jeg kjøpt som tilleggs areal for oppdrag av båt. Ser at dette ikke er med i det området som er foreslatt til nøst. Ber om at dette og blir tatt med. Her er det opparbeid brygge og fra gammelt av. Det har stått flere nøst her. Det er en av de mest naturlige plassene for båtoppdrag og nøst på Sulø. Håper dette blir tatt med.

Legger ved 2 bilder + kart som viser området. Det ene bildet ble tatt i 1869 og viser nøstmiljøet på tomta da.


Med vennlig hilsen

Otto Sulen

Otto Sulen

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vil ikkje tilrå ei utviding av LNF spreidd naust for dei aktuelle eigedomane. Ei slik løysing vil kunne medføre konsekvensutgreiing og ny høyring.

3	<p>Erna Jensen</p> <p>Kommentarer til kommuneplan, revidert, svarfrist 1.3.2014.</p> <p>G.nr. 11, b.nr 109, Sulo. Hjemmelshaver Erna Jensen,</p> <p>Viser til tlf.samtale samt til tidligere kommentarer til forrige gang kommuneplanen var tilgjengelig for kommentering.</p> <p>For gnr. 11, bnr. 109, Sulo. Er det lagt inn en avmerking/avgrensning på tomteområdet som ikke er i harmoni med hvordan det faktisk vil være naturlig å identifisere som tomteområde for hyttebygging.</p> <p>Jeg har derfor tillatt meg å tegne inn hele området på eiendommen, som aktuell område. Det naturlige stedet å plassere en hytte på, vil være ca midt i området, men vanskelig å tegne inn nøyaktig da design og størrelse vil avgjøre det.</p> <p>I den forrige kommuneplanen hadde dere gjort en avgrensning med deling på tvers av tomten øst/vest. Det kommenterte jeg at det ble feil, grensen må vise hele stykket og grensen trekkes mot nord der sjøen går inn i et smalt sund som går inn til broen.</p> <p>I henhold til behandling i Planutvalget 14.05.2013, sak 049/13 ble det gjort følgende vurdering fra Rådmannen:</p> <p><i>«Det er tidligere gjeve løyve til å føre opp ei hytte på eideomen. Det vert tilrådd å endre plangrense i samsvar med innspel».</i> Planutvalet 14.05.13. Godkjent som tilrådd av rådmannen.</p> <p>Ber derfor om at mine innspill endelig blir tatt til følge ved den forestående behandlingen.</p> <p>Med vennlig hilsen  Erna Jensen</p> <p>Rådmannen si vurdering: Rådmannen ser det som lite aktuelt å ta med heile eideomen til formål fritidsbustad slik heimelshavar ønskjer det. I høve plassering av ei hytte kunne plangrensa vore justert noko, men det vert ikkje tilrådd noko endring då ei slik løysing vil kunne medføre konsekvensutgreiing og ny høyring.</p>
---	---

4

Magne B Johnsen

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 Rong

Bølgekraftvegen, 27. februar 2014

Vedr. kommuneplanen og Gnr 5 Bnr. 35

Jeg er blitt kjent med at det er sendt inn forslag om å endre deler av min eiendom fra LFN nei området til ja område for sprett bebyggelse. En endring som plannemda har sagt ja til selv om andre instanser har tilrådt at det ikke gis slik tillatelse.


Det er med stor forundring jeg leser at det er søkt om å få omgjort 34 dekar av eiendommen til område for sprett bebyggelse, noe som senere er nedjustert til 25 dekar uten at det fremgår hvem som foretatt nedjusteringen. Jeg er også forundret over at Ros analysen endres uten at jeg kan se at det er grunnlag for det. Jeg gjør oppmerksom på at garden er i drift og at nabogarden brukes som tilleggsjord for andre gårdsbruk.

Jeg gjør oppmerksom på at de som har søkt om å få endret min eiendom har tidligere søkt om fradeling av tomtene iht avtalen om arv. Det er ingen endring i verken størrelsen eller plassering i forhold til tidligere søknad og de kan når som helst søke om å få disse fradelt. Det synes for meg merkelig at det søkes om endring av ett så stort område når tomtene de arvet kun er på 1 dekar hver og sammen med eksisterende tomt kun er snakk om ca. 3.5 dekar. Det utgjør 10% av opprinnelig areal det er søkt om endring for. Det blir ikke mer sprett bebyggelse om en søker om ett større område når tomtene ligger på rekke.

Det hevdes også at det foreligger avtale om at bommen skal flyttes. Det stemmer overhode ikke. De har kun rett til å få nøkkel, ikke til at den skal flyttes. Jeg velger ikke å kommentere de andre påstandene som er fremsatt, selv om det etter mitt syn er mye feil i disse.

Jeg har ingen ønske om at min eiendom skal omgjøres til område for sprett bebyggelse. Skulle jeg ønske at område skulle endre karakter hadde det vært naturlig å gjøre det i en større sammenheng og da regner jeg med at det kreves privat reguleringsplan. Jeg anmoder om at mine synspunkter tas til følge.

Med hilsen


Magne B. Johnsen
Grunnejer Gnr. 5 Bnr. 35

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen har same tilrådning som i tidlegare saksverderinger dvs å omgjøre det aktuelle området til LNF – nei

5

Hjelme Notlag v/leiar Arne Hjelme

Fråsegn

Fråsegn

Fråsegn til saka

På vegene av Hjelme Notlag, vert det lagt inn stor protest mot akvakultur utførbi Kjeøy. Det er notlaget sitt klare standpunkt om at dette ikkje er ønskelig. Notlaget er ikkje vorte kontakta på noko nivåer. Eigarane er heller ikkje vorte kontakta. Dette området er eit kjærneområde for våre lakseplasser tilknytt våre eigedomar. Notlaget vil påpeike at dette området har stor felles interesse både som fiskeplass for vårt matfiske og eigarinteresse. Folk frå Bakke, Hellesøy, Hellesund, Sture Hatten, Nautnes og Tjeldstø nyttar også området til matfiske. Eit slikt anlegg utførbi Kjeøy og området der vil forringe våre eigedomar som me har i Kjeøy, Marholmen og Hopøy. Ein framtid utvikling av området skal gjerast av eigarane og ikkje av utanforståand komersielle interesser.

Vår bruk i framtida vil verte øydelagt i høve matfisking og utnytting av våre laksplasser som også er ynskjeleg kan bli ei tilleggsnæring i framtida.

Våre eigedomar ved sjøen er båndlagt, våre eigedomar på land er båndlagde og me er ikkje intressert i at vårt sjøområde også skal værte båndlagt å takast frå oss.

Tilslutninga vert også gjeven frå grunneigar av Gnr. 9 bnr. 1 på Hellesund, Jacob Henrik Hellesund.

Rådmannen si vurdering:

Det vert vist til Rådmannen si vurdering av dette AK området til uttalen frå Fylkeskommunen. Grunna Mattilsynet sine nye smittevernkart, der denne lokaliteten ligg mellom to soner, vil Rådmannen tilrå at lokaliteten vert tatt ut av plan.

6	<p>Andre Waller</p> <p>Til Øygarden kommune Ternholmvegen 2 5337 RONG</p> <p>Hellesøy 28.02.2014</p> <p>Kommentar til nytt hyttefelt på Sprengsneset B 2-9, kommunedelplan for Øygarden 2014-2022</p> <p>SONER MELLOM NYE OG ETABLERTE HYTTEFELT, NÅ OG ETTER ÅR 2022</p> <p>Regner ikke med at noen vil høre vårt største ønske. Å bevare det fantastiske platået på Hellesøy slik det er i dag. For jeg antar beslutningstakerne har satt seg inn i saken, foretatt egne befaringer og forstått verdier som blir tapt for alltid. Håper også at noen forstår at hvis resten av området mot nord skal bevares «for all fremtid» må det vernes nå. Når hytteområdet først er etablert på det høye platået kan vi forvente en ny utvidelse ved neste planarbeidsperiode. For de samme argumentene ble hørt for 20 år siden da området ble åpnet for utbygging. «Resten av området er et naturområde som ikke skal utbygges». Det skal heller ikke bygges på toppene har vi hørt. Men dessverre når vi toppen nå. Siden går det kun nedover mot fyret som er det nordligste fastlandspunktet i kommunen.</p> <p>Et annet forslag kan kanskje bli hørt for å berge noe av den flotte naturen her ute for våre etterkommere. For de siste årenes utvikling har vist at utbyggingsområder nå utnyttes slik at felt blir totalt bearbeidet. Dette er en konsekvens når tomtene blir mindre, samtidig som reguleringsplaner tillater større enheter. Da etterlater utbyggingen knapt en knaus eller busk igjen. Slik vi ser i det forrige hyttefeltet, Sætreviki.</p> <p>Blir dette nye feltet nå tillatt utbygget vil, som nevnt, sannsynligvis store deler av Førehjelmo mot Ørneberget også bli utbygget. For å kunne oppleve restnaturen håper jeg noen kan sørge for at det blir opprettet soner mellom hyttefeltene. Soner som kan vise hvordan landskapet engang var her ute.</p> <p>Mvh André Waller</p> <p>Rådmannen si vurdering: Det aktuelle hytteområdet skal detaljregulerast i etterkant av vedteken kommuneplan. Rådmannen vil vise til konsekvensutgreiing (KU) der det blir presisert at ein i detaljregulering skal ha vekt på kulturminne, friluftsliv/grøntdrag og landskapstilpassing - der platået i vestre del av området er særleg nemnt.</p>
---	---

7 Trygve og Torill H. Fjeldstad

Merknad til arealdelen i kommuneplan for Øygarden 2014 – 2022.

Gnr.52 bnr.8

ØYGARDEN KOMMUNE Sentralarkivet		Dok.nr.
- 3 MAR 2014		22
Artsakn.nr.	14/9	J post ID:
Ark.kode P	140	
Ark.kode S		Sakar.RSK

Då me etter søknad vil utbetra og sikra grunnen under naustet vårt og byggja høveleg båtlending ved naustet, ber me om at dette vert teke omsyn til og teke inn i revidert kommuneplan, som vert gjeldande frå 2014 til 2022.

Me har naustet vårt på eigen grunn og har rikeleg med areal og strandlinje. Halve utmarkseigedommen er tidlegare bandlagt som våmarksområde.

Utmarksarealet der naustet står har i gjeldane kommuneplan status som LNF område, med mogelegheit til å søkja om dispensasjon. Slik me forstår, vil det i den reviderte planen ikkje verta mogeleg å søkja dispensasjon. Difor vil me at naustet og det nære arealet rundt naustet vert teken ut av LNF området.

Dersom naustet og lendinga i den reviderte planen framleis får status som LNF område, vert det umogeleg for oss å tilretteleggja til meir høveleg og sikker bruk her.

Me ser og verdien i at nye generasjoner får høve til å læra og bruka båt og sjøreiskap, slik tradisjonen til no har vore. Då bør dei ha trygg tilgang til dette.

Sjå vedlagt grunngjeving.

Tjeldstø 30.02 2014.


Trygve Fjeldstad


Torill H. Fjeldstad

Grunngjeving.

Gnr.52 bnr.8.

Frå gamalt hadde Tjeldstø to naustområder, Gardsjøen, som tilhørde tunet Garden og Nordesjøen, som tilhørde tunet Høyen.

Av ulike årsaker, mellom anna dødsfall, hadde ikkje bruk nr.8, som einaste bruk, eigen nausttomt i nokon av desse naustområda.

Ved utskiftninga av Tjeldstøs innmark (1912 -14) fekk då bruk nr. 7 og 8 samtykke til å oppføra kvart sitt naust i utmarka på fjordsida.

Dåverande eigar og min bestefar, Theodor Fjeldstad, bygde naust til bruket i 1920 åra. Men sjølv på den mest høvelege staden, var her verhardt på fjordsida og båter og bryggje måtte ettersjåast til eikvar tid når austaveret sette inn.

Heilt fram til tusenårsskifte har me hatt lette robåter, tre i talet, men sjølv desse båtane vart for tunge for fortøyningane, slik at to av dei sleit seg og havarerte.

Den båten me har no er ein plastbåt med motor. Den er litt større og tyngre enn robåtane og krev sterkare fortøyningar og meir stabil landleggje. Dette er umogeleg å få til ved naustet vårt, uten inngrep og tilretteleggjring. Den korte tida me har hatt denne båten, har me vore avhengig av velvillige naboer som har lånt oss båtfeste når dei sjølve ikkje hadde båt på sjøen. Dette er ei ordning som ikkje er ynskjeleg då me stadig må flytta plass.

Me har naustet vårt på eigen grunn og har rikeleg med areal og strandlinje. Det me ber om, er å få nytta nokre meter av dette til å byggja høveleg båtlending til sikker landleggje og til tryggare tilhøve for oss brukarar.


Trygve Fjeldstad


Torill H. Fjeldstad

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vil ikkje kunne tilrå ei planendring for dette tiltaket. Ei endring til LNF spreidd naust ville likevel ikkje opne opp for å byggje ein båthop slik skissene til Fjeldstad viser. Dette er ei enkeltsak som eventuelt bør prøvast som dispensasjonssak.

8

Advokat Halfdan Mellbye for Øydis Toft

AD. JUSTERING AV KOMMUNEPLAN

GNR 35 BNR 11 – INNSPILL TIL KOMMUNEPLAN - OPPKLARING

Vi representerer Øydis Toft, eier av gnr 35 bnr 11 i Øygarden kommune.

I forbindelse med rulleringen av kommuneplanen har Straume Rådgivning i brev av 2. mars 2013 kommet med to innspill på vegne av denne eiendommen.

Det har i ettertid vært en runde med avklaring av innspillene, og resultatet etter denne avklaringen er at det ene av disse innspillene, innspill nr 1, opprettholdes av grunneier.

Dette er spilt inn overfor kommunen, og fagleiar Raamund Skjold har i en e-post av 4. februar d.å. til grunneiers datter bekreftet at grunneier ble oppfattet slik at innspill nr. 1 ble opprettholdt.

Vi mener derfor at det må bygge på en misforståelse når det i kommunens konsekvensutgreiling på s. 47 uttales følgende om innspill nr. 1 på vegne av gnr 35 bnr 11:

"Innspelet er trekt attende og vert ståande utan tilråding."

Vi ber om at misforståelsen rettes opp og at gnr 35 bnr 11 gis anledning til å benytte den eksisterende naustbygningen på kaien til næringsformål. Naustet har vært brukt til næringsformål (fiskemottak) fra byggingen i 1912. Naustene er altså tidligere brukt til næringsformål, og grunneiers ønske er å drive næring på eiendommen i samsvar med tiden – det vil si uteleileiligheter.

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA



Halfdan Mellbye
advokat

Rådmannen si vurdering:

Planformål i gjeldande plan byggjer ikkje på noko misforståing. KU vart ikkje oppdatert etter at innspelet vart trekt tilbake, men Planutvalet fekk lagt fram dei nye opplysningane om at grunneigar likevel ønskte å omdisponere bygningen til næringsformål. Dåverande Planutval endra likevel ikkje planstatus for området. Området er konsekvensutgreidd og Rådmannen vil ikkje tilrå at planformål vert endra.

9

Kjell Åge Solås

Kjell Åge Solås
Storhøyen 1
5334 Hellesøy
27.feb.2014

ØYGARDEN KOMMUNE Sentralarkivet		Dok.nr.
- 4 MAR 2014		29
Ark.nr.	1819	J post ID:
Ark.kode F	190	
Ark.kode S		Salah 858

Øygarden Kommune
Ternholmvegen 2
Rådhuset
5337 Rong

KOMMENTAR TIL KOMMUNEPLAN

Eg som utbygger av nytt hytte område på Sprengsneset har ein kommentar til verne område som er vist på kartet.

For 20 år siden når eg bygde ut Sprengsneset for første gang blei det påvist 1 buplass der som veien går idag. Eg markerer på kartet kor det var, dei stoppet utbyggingen i 14 dager for å se om det var fleire bu plasser dei fant kunn der som eg markere med rundinger. I det siste hytte feltet som eg har markert med 2 tall var der ingenting.

Det feltet som eg har markert inne er ok, men resten av området ligg i høyden og på fjell knauser som ikkje var vanlig å bygga for 5000 år siden da bygget dei på lunare plasser og der det var muligheter for vann.

Der er eit område ved eit vatn som eg tenkte å bygga grill hytte og benker rundt så dei kan ha ein møteplass i dei nye feltet som eg har markert med 3 tall og ein stor runding.

Håper dere tar hensyn til infomasjon eg har gitt..

Mvh

Kjell Åge Solås

Rådmannen si vurdering:

Hordaland fylkeskommune (HFK) stilte krav om omsynssone for ikkje å fremje motsegn mot hytteområdet. Innteikna omsynssone er i samsvar med innspel frå HFK. Rådmannen vil ikkje tilrå at sona vert endra. Det vert elles vist til KU som beskrive at ein i detaljregulering m.a må ha spesielt fokus på kulturminner. Ein vil og ved regulerings kunne ha ein meir detaljert gjennomgang av omsynssona.

Spørsmål om omregulering av LNF
Søker med dette å få omregulert GNR 3b
BNR 80, fra LNF området, da denne
tonden ønskes brukt til hage formål knyttet
til GNR 3b BNR 7b. Hage formålet er
støttemur ved grøntbytte. Finser ikke å få
brukte tonder til loddig.
Ellere vil med dette også få en stor
verdiskjening på tonden ved et ø. salg.

Fra GNR 3b BNR 80 er det en høyde
forskjell på 9 m. over havet. Grenser med
et noe høyre til Sjø, men dette ligger
utenfor LNF.

Nest/Boliger er markert med X i kartet

Det ligger gangsti/veirett utenfor begge
tonder på høyre side, som fører til alle
nest/boliger, dette er tegnet i kart med
blå strek. Dette kart viser også at
det ikke er naturlig å plassere tonder
til nest/strandsonen.

Nest/boliger har opparbeidet sine tonder
med terrasse og dvs. Tonnt GNR 3b BNR 80
vil ikke kontrarie konfliktn med nest/boliger.

Nnn Trude Ulvatn

Adr: Nesvegen 21

Tlf: 99150557

Side 1

Innsier å sette om flytting av LNF
område fra BNR til BVR: Nei, da LNF
område går gjennom eksisterende
bebyggelse.
Innsier at ny grense går ved endemorens
oppinnelige grenser. Se vidlangt kart og
oppmerksom

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vil tilrå at grensa vert justert slik at den ikke går gjennom bygninger, men litt i
framkant. Det vert ikke tilrådd å endre heile 36/80.

Til Planutvalget 01.03.14.

GARDEN KOMMUNE Kommunehuset	
- 4 MAR 2014	25
14/03/14	14/03/14
	RE

Merknad/protest på forslag til
revidert kommuneplan 40/6

Ser at plannen er at en
skal utvide nei-området
på min eiendom.

Dette vil jeg protestere på,
for det vil i virkeligheten si
at vi mister alt som er
tomteland på eiendommen.

Vi har fire barn - alle barn -
barn- og flere av dem har ytre
frielse om å bygge her ute.
Håper dette vil bli fatt hensyn
til. Mvh.

Sunniva Blom-Andersen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen kan ikke tilrå at byggegrensa blir utvida slik grunneigar ønskjer det siden ei utviding vil kunne medføre konsekvensutgreiing og ny høyring.

Grunneier Nils Bjarte Rognø eier av Gnr. 39 Bnr. 5 ønsker at dere tar opp igjen hans søknad og å få regulert området nord forbi Kiwi på Søre Sæle.

Grunnen til at han ønsker at saken tas opp igjen er at Planutvalget ikke var fulltallig at det var oppe sist. Dette mener han kan ha vært utslagsgivende for anslaget.

Med vennlig hilsen

Bjarthe Torsvik

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til tidlegare tilråding og handsaming i Planutvalet og vil ikke tilrå at det vert tatt inn nye områder for bustadbygging på dette stadiet i planarbeidet.

13

Erko Seafood



Erko Seafood

Øygarden Kommune
Teknisk plan og forvaltning
Ternholmveien 2
5337 Rong

Bergen 14.2.2014

Innspill i forbindelse med forslag til kommuneplan for Øygarden Kommune 2014 - 20122

I forbindelse med arbeidet med ny kommuneplan for Øygarden Kommune har Erko Seafood AS, tidligere Hennco Laks AS, innspill vedr. akvakulturområdet ved Vadholmen. Dette er et nytt akvakulturområde som er lagt ut og kombinert med at mindre akvakulturområder fjernes er dette en god løsning og et område Erko Seafood AS vil søke å benytte.

Vi ser imidlertid at området som er lagt ut for høring viser en dybde og beliggenhet som ikke gir en fullgod løsning. Årsaken er at dybdeforholdene ved den innerste delen av området er for grunn. Dette vil skape store problemer ved en eventuell produksjon og gi en dårligere utnyttelse av området. Vi ber derfor Kommunen om å endre området slik som beskrevet i vedlagte tegning. Her vil vi ikke komme i konflikt med øvelsesområdet for Forsvaret samtidig som området vil bli betydelig bedre egent for oppdrett. Området er videre plassert slik at det ikke kommer i konflikt med bebyggelse og evt. hyttefelt.

I vedlagt tegning er det røde feltet forslaget fra Kommunen. Vi har imidlertid tegnet inn ett anlegg slik vi ser det for oss i dette området. Vårt forslag er således å endre akvakulturområdet slik at anlegget vi har tegnet inn, kommer inn i det nye Akvakulturområdet.

Vi håper denne justeringen som vi nå foreslår kan gjennomføres.

Dersom Øygarden Kommune har spørsmål til vårt forslag til endring kan undertegnede kontaktes på mail: leif.rune@hauglandgruppen.no eller på telefon 99095136

Med vennlig hilsen


For Erko Seafood AS


Leif Rune Pedersen

Adm. direktør

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen meiner det er lite heldig at dette vert spelt inn på dette tidspunkt av planprosessen. Det er likevel slik at skal det vera akvakultur i dette området er det ein fordel at området vert plassert der næringa meiner er den beste plasseringa. Ein epost som omhandlar justering av AK området vart sendt ut til aktuelle offentlege instansar 27 mars med frist for tilbakemelding 5 april. Pr 1. april har Fylkeskommunen og Forsvarsbygg meldt tilbake at dei ikkje har vidare merknader til at området vert snudd. Rådmannen vil difor tilrå at området vert endra jfr kart under. Denne tilrådinga må likevel sjåast i samanheng med at Fylkesmannen har fremja motsegn mot området og korleis Planutvalet vel å ta stilling til motsegnar.



14	<p>Advokatfirmaet Thommesesen AS for Sigmund Lyngøy</p> <p>BEMERKNINGER TIL KOMMUNEPLAN FOR ØYGARDEN KOMMUNE 2014-2022: REGULERING AV LANGHOLMEN</p> <p>Det vises til kunngjøring om fremlegg av forslag til kommuneplan for Øygarden kommune 2014-2022 på annen gangs høring, der det er satt frist for merknader til 1. mars 2014.</p> <p>På vegne av Sigmund Lyngøy som er eier av eiendommen gnr 46 bnr 10 i Øygarden kommune ønsker vi å gi følgende innspill til det videre arbeidet med planen:</p> <p>1 SAMMENDRAG</p> <p>Sigmund Lyngøys ("Lyngøy") eiendom, gnr 46 bnr 10, ("Eiendommen") er spredt over flere øyer og holmer. Blant annet omfatter eiendommen et nes på den nordøstlige delen av Langholmen ("Langholmneset"). Eiendommen er i sin helhet regulert til LNF-område, både etter dagens kommuneplan og i forslaget til ny kommuneplan, herunder også Langholmneset.</p> <p>Lyngøy anmoder om at forslaget til kommuneplan endres for så vidt gjelder Langholmneset. Selv om dette ikke er å anse som en merknad til de endringer som er gjort siden den første offentlige høringen ber vi om at Øygarden kommune likevel vurderer dette innspillet. Det har vært vanskelig for Lyngøy å komme med innspill til kommuneplanen tidligere. Sigmund Lyngøy arvet eiendommen etter sin fetter våren 2012. Det tok tid før boet var ferdigbehandlet, blant annet var det først på høsten 2013 Lyngøy fikk søkt om konsesjon med fritak for bo- og driveplikt for eiendommen. Han fikk konsesjon den 3. oktober 2013 og fikk deretter eiendommen skjøtet over på seg selv. Dette har vært sterkt medvirkende til at Lyngøy ikke tidligere har kommet med innspill til kommuneplanen.</p> <p>I forslag til ny kommuneplan er hele Langholmen, med unntak av den delen som hører til Eiendommen, Langholmneset, regulert til fritidsbebyggelse. Vi ber om at også Langholmneset reguleres til bolig- eller fritidsbebyggelse.</p>
15	<p>Rådmannen si vurdering: Rådmannen vil ikke tilrå at planstatus for 46/10 på Langholmen vert endra til fritidsbustader eller bustader.</p> <p>Avinor</p> <p>Viser til mottatt kommuneplan til høring. Avinor har ikke kommentarer til planforslaget.</p> <p>Med vennlig hilsen</p> <p>Berit Jorid Flore Avdelingsleder Plan og grunneiendom</p> <p>Rådmannen si vurdering: Tatt til orientering</p>
16	Bergen og omland havnevesen

Planuttale - Kommuneplan 2014-2022 Øygarden kommune

Vi viser til brev mottatt hertil den 16.01.2014 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland havnevesen (BOH) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 17. april 2009 nr. 19, jf. § 10 fra Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Vurdering av planforslaget

Plankartet viser ikke konkrete tiltak, vi ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.

Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.


Med hilsen

BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN


Jarle Berggraf

Saksbehandler

Rådmannen si vurdering: Tatt til orientering

17	<p>Bergen kommune</p> <p>Kommuneplan 2014 - 2022 for Øygarden kommune - 2. gangs høring</p> <p>Bergen kommune har ingen nye merknader til kommuneplanen og viser til høringsuttale 19. februar 2013.</p> <p>Bergen kommune mener Kommuneplan 2014-2022 for Øygarden på en god måte støtter opp om felles regionale strategier for utvikling av Bergensregionen. Øygarden kommune ligger innenfor pendleravstand til Bergen, og inngår i et felles arbeids- og boligmarked sammen med Bergen og nabokommunene. I regionen er det behov for et effektivt transportsystem og et godt kollektivtilbud med tilrettelegging av nye boligområder nær kollektivtraseene.</p> <p>Det er positivt at kommuneplanen legger vekt på betydningen av gode kommunikasjoner mellom kommunene i vest og Bergen, og at nytt Sotrasamband er nødvendig for utviklingen i regionen. Det regionale samarbeidet om framtidig næringspolitikk må styrkes, og det er positivt at kommuneplanen støtter opp om denne utviklingen.</p> <p>Med vennlig hilsen</p>  <p>Filip Rygg byråd</p>
18	<p>Rådmannen si vurdering: Tatt til orientering</p> <p>NVE</p> <p>—</p> <p>Fråsegn til 2.gongs offentleg ettersyn av kommuneplane2014 - 2022 - Øygarden kommune</p> <p>Vi syner til brev datert 13.01.2014. Saka gjeld 2.gong offentleg ettersyn av kommuneplan 2014 – 2014 for Øygarden kommune.</p> <p>I vår fråsegn til første gongs høring syntetiserte vi til at energianlegg som hører til regional- og sentralnett skal synes i plankartet som omsynssone PBL § 11-8 d. I vedtaket til planutvalet (sak 049/13) vert dette teke til etterretning. Vi kan likevel ikkje sjå at omsynssone har kome på plass i plankartet og oppmodar Øygarden kommune om å innarbeide denne for sluthandsaminga.</p> <p>Med helsing</p> <p><i>for Terje Sykkedal</i> Brigt Samdal regionsjef</p> <p><i>Toralf Øtnes</i> Toralf Øtnes senioringeniør</p> <p>Rådmannen si vurdering: Rådmannen tilrår at energianlegg etter regional- og sentralnett skal visast i plankartet som ei omsynssone PBL § 11-8 d)</p>

19	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum
----	---

Vedr. Kommuneplan 2014-2022 for Øygarden kommune - 2. gongs høyring.. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev frå Øygarden kommune dagsett 13.01. 2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet har ingen kommentarar utover tidlegare fråsegn dagsett 20.02. 2013.

Rådmannen si vurdering:

Tatt til orientering

Kommuneplan 2014-2022 for Øygarden kommune - 2. gongs høyring

Vi viser til dykkar brev dagsett 13. januar med andre gongs høyring om kommuneplan for Øygarden kommune.

Våre merknader i brev dagsett 13. mars 2013 var ikkje med i omtalen av planen. Vi nemner dei difor på nytt:

Kyrkja i Øygarden er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Dette bør gå fram av samfunnssdelen. Der står det no at kyrkjeleg fellesråd har ansvar for kyrkjebygga. I tillegg bør det stå noko om kyrkja si rolle i barne- og ungdomsarbeidet og det frivillige-/kultur-arbeidet. Kristelege organisasjonar er nemnde, noko som er viktig og bra, men kyrkja bør også nemnast.

Vesthordland prosti får no tildelt trusopplæringsmidlar, og trusopplæringa kan gjerne nemnast. I samråd med kyrkeleg fellesråd, bør de vurdera å ta inn ei formulering om dette, til dømes slik: Det skal i planperioden leggast til rette for at kyrkja på ein god måte kan gjennomføra den kristne trusopplæringa til alle døypte mellom 0 og 18 år.

Rådmannen si vurdering:

Merknaden frå Bjørgvin Bispedømeråd vert lagt fram for Planutvalet for vurdering.

Hordaland Fylkeskommune

Fråsegn til 2. gongs høyring av kommuneplanens arealdel for Øygarden 2014-2022

Vi viser til brev datert 13. januar 2014 om 2. gongs høyring av kommuneplan for Øygarden kommune. Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg opp mot merknader og motsegner i fråsegna sendt 11. mars 2013.

Samordna areal- og transport

Oversikten over eksisterande bustadareal knytt opp mot nye bustader er grundig og oversiktleg, og har ført til ein reduksjon i talet på bustadareal som er i strid med prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging eller andre interesser som kulturmiljø og strandsone. Hordaland fylkeskommune trekker derfor motsegna til bustadareal.

Toftøy er den delen i Øygarden der det er venta høgast vekst. I plankartet er det lagt inn eit område for LNF spreitt bustad (B 3-5 toft), som også kjem i konflikt med friluftslivsområde og kjerneområde landbuk, og som konsekvensutgreiinga ikkje tilrår.

Hordaland fylkeskommune rår i frå å legge til rette for eit relativt stort areal som LNF spreitt bustadbygging med tre bustader, i den delen av Øygarden som har eit byggjepress. At det også er interessekonflikter knytt til friluftsliv, barn og unges interesser og landbruk byggjer oppunder frårådinga.

Strandsona

Det er lagt til fleire naust i strandsona. Nausta som er tekne inn er i hovudsak fortetting av eksisterande naustområde eller fellesnaust. Dette er i tråd med våre tidlegare innspele og fylkeskommunens arealpolitiske retningslinjer.

Friluftsliv

Akvakulturområde B 3-2 aust for Horsøy ligg i eit område som er registrert som eit svært viktig regionalt friluftsområde. Tilrettelegging for akvakulturområde kan føre til interessekonflikt med friluftsinntersetser. Hordaland fylkeskommune har merknader til lokaliseringa av akvakulturområdet, og ber om at det anten blir vurderert om det finst alternative lokaliseringar som vil skape mindre konflikt. Eventuelt bør det blir vurdert kva avbøtande tiltak for å unngå konflikt med friluftslivsinteresser.

Akvakultur

Det er positivt at plankartet er justert for å samsvere med eksisterande akvakulturområde.

Det er sett av to nye område for akvakultur. Forslaget til akvakulturområde B3-15 Kjeøyna Hjelme ligg i eit område som er smitmessige adskilt frå omkringliggende oppdrettsaktivitet i Mattilsynet DK Bergen og omland sitt varsle framlegg til smittehygieniske fellesområde som vil gjelde frå 01.01.2015. Det kan vera uheldig at planen viser eit AK-område der det kan vera konflikt med andre interesser, og ansvarleg

styresmakter Mattilsynet DK Bergen og omland bør kome med ei vurdering av om dette AK-område er egna ut fra deira ansvarsområde i samband ved denne høyringa.

I det andre forslaget, B 3-2 Aust for Horsøy, peikar konsekvensutgreiinga på konsekvensar for skjelsand og friluftsliv. Dette blir derfor omtalt under dei andre avsnitta.»

Vi hadde innspel om at føresegnebønner bør opne for forankring i fleirbruksområde i sjø. I kommunens saksutgreiing verkar det som at rådmannen også rår til ei føresegn, men vi kan ikkje sjå at dette er retta opp i føresegnebønner.

Fortøyningane til akvakulturanlegg ligg i dei fleste tilfella utafor området av sett til akvakultur. Føresegnebønner bør supplerast med at det er høve til å leggje fortøyningar og forankringar i fleirbruksområde utafor området avsett til akvakultur. Det er viktig at føresegnebønner vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyningar frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregolverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant. I fleire nyleg vedtekne arealplanar i Hordaland er det teken høgde for dette ved å lage følgande i føresegn under arealføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (tbl. § 11-7, nr. 6):

«*6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikke tillate, under dette flytetrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett. Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.*»

Skjelsand

Hordaland fylkeskommune merker seg at kommunen tok innspelet vårt til følge med ei føresegn som gjev skjelsand førsteprioritet i område merka med SKJ.

Forslag til nytt akvakulturområde B 3-2 aust for Horsøy ligg i nærleiken av ein skjelsandførekomst. Til orientering har denne førekomsten ikkje interessant for uttak, jf. kontinentialsokkelova, men kan vere ei viktig naturtype.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune, i samråd med Statens Vegvesen, fremma motsegn til arealføremål i samband med første gongs høyring. Det galdt Klyva Familiepark (B4) og Trolllevatnet (B30). Desse areala er no tekne ut av planen. I samråd med Statens Vegvesen trekker derfor Hordaland fylkeskommune motsegnene.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune er nøgd med at Øygarden kommune er godt i gang med å utarbeide ein kulturminneplan og at dette er forankra i kommunen sin planstrategi. Ein kulturminneplan er eit viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturminne. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har i 2013 vedtatt at det er ei målsetting at alle kommunane i fylket utarbeider kulturminneplanar for 2015. I fylkeskommunen sitt Årsbudsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet kvar av dei neste tre åra. Riksantikvaren løvvde i 2013 1 million kroner til styrking av kulturminnekompentansen i kommunane i Hordaland. Statleg løvning frå Riksantikvaren skal kombinerast med kompetanse og midlar frå fylkeskommune og kommune. Vi oppmodar Øygarden kommune om å søke midlar til vidare arbeid med kulturminneplanen i 2014.

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga er stort sett grundig og har gode vurderingar når det gjeld kulturminne. Det er likevel eit par feil og manglar.

Innanfor området er det kjend eit automatisk freda kulturminne. Dette er ikkje fanga opp i konsekvensutgreiinga. Då kommuneplanen var på høyring i 2013 gjorde vi merksam på at det her var ein steinalderlokalitet, Askeladden 139841.

I konsekvensutgreiinga har ein i samla konsekvensar i planframlegget for kulturlandskap og kulturminne sett opp tre areal som kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne; B22 Ådnevika, B23 Alvheim gard og B2-1 Sauøy. Dei to siste er ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne, dette er ein feil. Det er B9 Søre Sæle, B22 Ådnevika nord, B2-3 Naturgassparken og B2-9 Sprengsneset hyttefelt som er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne.

Planforslaget

Planframlegget er samla sett i liten konflikt med kjende kulturminne.

Hordaland fylkeskommune handsamar berre nye endringar og område som ikkje vart avklart då kommuneplanen var på høyring i 2013. Område B2-3 naturgassparken, område B22 Ådnevika og B 9 Søre Sæle som er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne vart avklart i føre runde.

B2-9 Sprengsneset hyttefelt

Då planen var på høyring i 2013 reiste Hordaland fylkeskommune motsegn til at LNF-område vart avsett til utbygging av fritidsbustader grunna direkte konflikt med tre automatisk freda kulturminne. Tre buplassar frå steinalder, Askeladden 45499, 25543 og 25544.

I møte av 18.06.13 bad Hordaland fylkeskommune om krav om felles planlegging av utbyggingsområde for B2-9 Sprengsneset, jf. pbl § 11-8 e), SOSI-kode 810 (omsynssone e) og krav om sone med særleg omsyn til bevaring av kulturmiljø, jf. pbl § 11-8 c), SOSI-kode 570 (omsynssone c).

Øygarden kommunen har retta opp arealplankart, føresegner og retningsliner. Motsegna frå føre høyringsrunde er avklart.

B12 Blomvåg

Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til kommuneplanen då Blomvåg kyrkje ikkje var godt nok sikra i planen. Det vart difor gjort vedtak om at Blomvåg kyrkje måtte merkast med omsynssone c i plankartet, jf. pbl § 11-8 c) og at det i dei generelle føresegnsene, jf. pbl § 11-9, nr. 7, vart lagt inn at:

«Blomvåg kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærmare kyrkja enn 60 m er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Blomvåg kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjeving før det vert fatta vedtak av kyrkeleg styresmakt etter kyrkjelova.»

Det vart og vedtatt at det i føresegnsene som gjeld krav til storlek, utforming m.m. for naust, jf. pbl §§ 11-9, nr. 3, 5 og 6 og 11-11 nr. 2 og 4 bør leggast inn at:

«På naust er det ikkje tillate med meir enn knappe takutstikk. Altan/balkong/terrasser eller liknande og arker/takoppløft og vindehus eller liknande er ikkje tillate.»

Øygarden kommunen har retta opp arealplankar og føresegner. Motsegna frå føre høyringsrunde er avklart.

Saka er sendt til Riksantikvaren og Bergens Sjøfartsmuseum som ikkje har merknader til planframlegget.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune trekker motsegnsene knytt til utbyggingsmønster (bustader), kulturminne og samferdsel.

Hordaland fylkeskommune rår i frå B 3-5 Toft grunna omsyn til samordna areal- og transport og friluftsliv. Vi ber om at desse områda blir vurdert alternative lokaliseringar eller tekne ut av planen. Vi har også følgjande merknader til planforslaget:

- Akvakulturområde B 3-2 aust for Horsøy, grunna til regionalt friluftsområde med svært høg verdi.
- Manglande føresegner som opnar for forankring i fleirbruksområde i sjø
- Kulturminne er oppsummert feil eit par stader i konsekvensutgreiinga

Rådmannen si vurdering:


Rådmannen tilrår at følgjande føresegn vert lagt til under arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag...» pbl 11-7, nr 6:

«Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett. Heimel Pbl 11-11 nr 3»

Me registererer at kulturminne er oppsummert feil eit par plasser i KU, men meiner dette ikkje har hatt betydning for utfall. For næringsområde B9 på Søre Sæle er nemnde kulturminne tatt med i reguleringsprosessen som starta før kommuneplanen er ferdigstilt.

Rådmannen vil ikkje tilrår at AK område Horsøy vert tatt ut av plan, men at området vert endra noko i samsvar med tilbakemelding frå næringa.

I uttalen frå HFK vert det nemnt nye smittevernsoner for akvakultur som skal gjelde frå 1.1.15 – og at nytt akvaområde ved Kjeøy/Hjelme vil ligge i eit bufferområde mellom to soner, sone 8 og 13 jfr kart under. ØK har vore i kontakt med Mattilsynet om denne saka og dei vil ikkje tilrår at det vert opna for nytt akvaområde i dette området. Rådmannen ser det som lite tenleg å leggje ut eit nytt AK område som i seinare søknad om etablering av lokalitet vil få negativt svar frå Mattilsynet. Det vert difor tilrådd at området vert tatt ut av plan.



22	<p>Fiskeridirektoratet</p> <p>Elektronisk post</p> <p>Øygarden kommune Hordaland - 2. gangs høring om kommuneplan 2014-2022 - uttale</p> <p>Vi viser brev av 13.01.2014 fra Øygarden kommune med 2. gongs høring og offentlig ettersyn av kommuneplan 2014 - 2022. Fiskeridirektoratet region vest har tidlegare gjeve fråsegn til framlegg til arealplan, og vi viser her til vårt brev av 28.02.2013.</p> <p>Fiskeridirektoratet region vest registrerer at det er føreteke einskilde endringar i høve til arealdisponering for fiske og akvakultur i planframlegget som ligg føre. Endringane gjeld i fleire høve tilpassingar til anna type arealbruk t.d. øvingsområde for sjøforsvaret. Det knyt seg ikkje motsegn fra Fiskeridirektoratet region vest til endringsframlegget som etter vår vurdering i tilstrekkelig grad tek vare på fiskarane sine interesser. Det er Hordaland fylkeskommune som har motsegsretta på vegne av akvakultur, og såleis må dei gjere reie for om planframlegget i tilstrekkelig grad ivaretar desse interessene.</p> <p>Fiskeområde.</p> <p>Militært øvings- og skytefelt i Hjeltefjorden:</p> <p>Vi registerer at sjøforsvaret har motsegn til fiskeområde i Hjeltefjorden på bakgrunn av at dei nyttar sjøområde til øvings- og skytefelt. Vi stettar Rådmannen sin vurdering om at det ikkje bør vere noko konflikt mellom reketråling og militært øvings- og skytefelt i Hjeltefjorden, men at dette handlar om samordning mellom statlige interesser.</p> <p>Kystverket Vest - motsegn fiskeområder</p> <p>Vi er kjent med at Kystverket Vest har fremma motsegn til fiskeområde som ligg i hovud- og bilei. Kystverket krev at 'ferdsle' vert teke som arealbruksformål kombinert med fiske i desse områda. Fiskeridirektoratet region vest vil for sin del understreke at fiskeri og sjøtrafikk i dei fleste høve lar seg kombinere, og vi set oss såleis ikkje imot at det vert føreteke endringar slik Kystverket krev. Vi gjer merksam på at det er synt område for opptak av skjelsand midt i leia i Rongesundet like sør av låssettingsplassen Kystverket har fremma motsegn til.</p> <p>Rådmannen si vurdering:</p> <p>Uttalen vert tatt til orientering og det vert tilrådd å tilføye «ferdsle» til einbruksområde «fiske» i plankartet, slik at desse viser «FF»</p>
23	<p>Forsvarsbygg</p> <p>Kommuneplan 2014-2022 for Øygarden kommune - 2. gangs høring</p> <p>Trekker varsel om innsigelse</p> <p>Det vises til mottatt brev om utleggelse av kommuneplanens arealdel for Øygarden kommune til 2. gangs høring.</p> <p>Forsvarsbygg varslet ved 1. gangs høring innsigelse til sivile formål som overlappet med Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø, V12, inntil det ble nærmere avklart hva konsekvensene av overlappende formål kunne bety, med tanke på å unngå virksomhetskonflikt.</p> <p>Forslaget om å etablere akvakulturanlegg innenfor øvingsfeltet er tatt ut og nye områder for akvakultur er plassert utenfor Forsvarets skyte- og øvingsfelt. De to områdene for fiske- og tråling som i sondre del av øvingsfeltet overlapper med dette, vil være å anse som en videreføring av eksisterende områder for reketråling, slik de er vist i gjeldende kommuneplan. Det er ikke kjente virksomhetskonflikter her i dag.</p> <p>På bakgrunn av ovennevnte forhold er varsel om innsigelse til kommuneplanens arealdel å anse som imotekommet på vesentlige punkt. Forsvarsbygg opprettholder derfor ikke lenger denne.</p> <p>Rådmannen si vurdering: Merknad blir tatt til orientering.</p>
24	Fylkesmannen i Hordaland



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tord Bakke, 5557 2377
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
28.03.2014
Dykkar dato
13.01.2014

Vår referanse
2009/2882 421.3
Dykkar referanse
14/9

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Samordna uttale med motsegn: andre gongs offentleg ettersyn – Øygarden. Kommuneplan - arealdel og samfunnssdel 2014 - 2022

Vi viser til brev av 16.01.2014, der kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel er lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn. Vi viser også til Forsok med samordning av statlige motsegner i arealplansaker (samordningsprosjektet), jamfor brev av 22.06.2013 og til avtale om utsett svarfrist til etter dialogmøte om saka.

Bakgrunn

Planutvalet i Øygarden kommune vedtok i møte 17.12.2013, sak 090/13, å legge forslag til kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel 2014-2022 ut til andre gongs offentleg ettersyn. Det er gjort 42 endringer i plankartet, 17 nye forslag er konsekvensutgreidd, og samfunnssdelen er oppdatert med mellom anna nytt talmateriale.

Motsegner – forankring og grunngjiving

Etter Fylkesmannen sitt syn har Øygarden kommune gjort en grundig revisjon av kommuneplanen sidan forre høyriingsrunde. På nokre punkt er det likevel fremja motsegn frå statlige sektorstyre-makter til planen. Konkret gjeld dette:

Kystverket

Som nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle har Kystverket i brev av 13.2.2014 fremja motsegn til følgjande tilhøve:

- AK-område ved Skarvøyosen er uheldig plassert i forhold til bileia i dette området (bilei 2253 Ulvesundet, frå Skarvøyosen til Jona). Bileia er mellom anna inn og utseglingsa til Blomvåg. For å sikre at endelige planformål vert endra, må Kystverket her gå til motsegn. Kystverket krev her at ferdsel/farlei vert tatt med som formål for dette arealet slik at ei avklaring mellom ferdsel og bruk av område til akvakultur då vert avklara ved handsaming av søknad etter akvakulturlova.
- Det er fremja motsegn mot å nytte formålet fiskeri eksklusivt for område som ligg i hovudlei og biley. Det gjeld fem trålfelt i Hjeltefjorden, ein kaste- og låssettingsplass i Rongesundet, tre trålfelt/oppvekstområde for yngel vest av Toftoyna, og til sist eit oppvekstområde for yngel i innseglingsa til Kollsnes prosessanlegg. Kystverket krev at desse arealet i tillegg vert gitt areal-formål ferdsel (alternativt farled).

Motsegnene er grunngjevne med at dei arealforemåla som er nyttia kjem i konflikt med sikker og effektiv sjøferdsel i hovud- og bileyer.

Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 51

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310, 5020 Bergen
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

Kystverket har vidare peika på nokre manglar ved kartframstillinga og gitt råd/ oppmoding om ei utfyllande føresegn til planen. Vi viser elles til uttalen, inklusive tilleggsfråsegn datert 3.3.2014, som er vedlagt.

Fylkesmannen

Som statleg, regional miljøvernstyremakt, med medverknadsansvar for mellom anna naturmangfald, friluftsliv, landskap, strandsone og landbruk, har Fylkesmannen trukt fram følgjande motsegnspunkt:

- **Avsett område for akvakultur, Skarveyosen (B1-7).** Fylkesmannen hadde motsegn til dette akvakulturområde også ved forre offentlege ettersyn. Kommunen har valt å fremje det på nytt. Det ligg ikkje føre nye moment som talar for ei anna vurdering frå Fylkesmannen si side, jamfor og konsekvensutgreiinga. Området er kartlagd som eit mykje brukt og svært viktig regionalt friluftsområde og har i tillegg store landskapskvalitetar som vert forsterka av urort natur. Plassering av eit akvakulturanlegg i området vil sterkt redusere området sine kvalitetar for friluftsliv og oppleving av urort natur.
- **Akvakultur Horsøyna (B3-2).** Forslaget gjeld flytting av akvakulturområde i nord utanfor Horsøyna nærmare land. Flyttinga skuldast motsegn frå Forsvaret til at deler av anlegget tidlegare var lagt i forsvarets øvings- og skytefelt. Flytting inn mot land er uehdig på grunn av at området er eit svært viktig regionalt friluftsområde. Akvakulturområdet vert også liggjande over viktig naturtype, skjelsandområde, og med naturreservatet Kortknappskjer og Horsøy rett innafor. Akvakulturområdet vil legge sterke avgrensinger på fritidsfiske og ferdsle på sjøen. Sjørelatert friluftsliv er mykje av grunngjevinga bak kartlegginga som regionalt svært viktig friluftsområde.
- **Spreidd bustad, Toft (B3-5).** Det er foreslått å leggje ut eit område på om lag 35 daa til spreidd bustadbygging på Toft. Området vil medføre ei punktering av grense mellom bygd og ubygdi område. Det vil kunne medføre nedbygging av om lag åtte daa fulldyrka jord og byggning inn i regionalt viktig friluftsområde. Kommuneplanen legg opp til relativt mykje bustadareal og vi kan ikkje sjå at det er trong for ytterlegare areal til bustadbygging. Fylkesmannen meiner derfor at det ikkje er grunnlag for å punktere området, byggje ned dyrka mark og bygge i regionalt viktig friluftsområde.
- **Naustområde i Breivik (B3-12).** Kommuneplanen legg opp til at det i området ovanfor vert lagt ut areal til ti nye bustadar, samstundes som det vert lagt opp til naust inst i vika. Motsegna er knytt til omfanget av naustbygging som planen opnar for. Etter Fylkesmannen sitt syn opnar planen for ei for omfattande nedbygging av verdiane i strandsona. Området står fram som noko nedbygd frå før, samstundes med at det er landskaps- og friluftskvalitetar i området, som er viktige å ta vare på når det vert etablert fleire bustader (auka byggepress).

Det ligg ikkje føre motseigner til planen frå andre statlege styremakter.

Planfaglege råd

Vi viser som sagt til vedlagt uttale frå Kystverket. Fylkesmannen uttaler elles følgjande til planen:

Samfunnssdelen

Samfunnssdelen er oversiktleg framstilt, dekkjande tematisk og med god integrasjon av hovudpoengene frå kommunen sin planstrategi. Sidan forre handsaming er talgrunnlaget oppdatert. Det er positivt spesielt når det gjeld å vurdere befolkningsutvikling og også utvikling i næringsliv sett i samanheng med arealdisponeringa.

Arealdelen

Befolkningsutvikling og bustadbehov

I uttalen ved første gongs ettersyn hadde Fylkesmannen kritisk merknad til at kommunen la opp til eit svært stor overshot på arealreserve til bustad. Areal til bustad har vorte gjennomgått og er no noko redusert. Det er positivt, sjølv om vi framleis meiner at arealreserven er vel høg i høve til å ha god styring med bustadutviklinga.

Strandsone, småbåthamner og naust

Mange av byggjearområda i planen ligg i eller grensar til strandsona. Dette gjeld sjølvsagt småbåthamner og naust, men også fritidsbustader, næring og turisme er i Øygarden lokalisert nær sjø. Dels er også nokre av bustadområda lagt inn mot strandsona. Det er ikkje lagt inn byggegrense mot sjø i kartet. Byggegrense er dels gjeve i foresegnene og må for nye byggjearområde fastsetjast ved regulering. Byggegrense til sjø er teikna inn og vist på alle tidelegare reguleringsplanar som fortsatt skal gjelde.

Fleire av endringane som er tekne inn, omhandlar naust og småbåthamner (8 av 17). Mange av desse er små og med relativt avgrensa konsekvensar. Kommunen legg i stor grad opp til småbåthamner, eventuelt med fellesnaust eller boder. Det er i tråd med regionale signal. Kommunen opnar også for noko fortetting i eksisterande naustområde. Her vil det vere avgjerande at ein tek utgangspunkt i den rådande strukturen i naustumiljoa og bygger vidare på denne.

LNF spreidd næring på Heggøy sør

Ved forre handsaming av kommuneplanen hadde vi motsegn til område for fritids- og turistforemål på Heggøy (B1-19). Det planlagde området var ei landtunge mot vest utan bygningar, med store kvalitetar for friluftsliv og landskapsopplevelsingar langs strandsona. I tråd med det vi skisserte i uttalen vår, er delar av området på land no sett som LNF spreidd næring. Det er ikkje knytt foreseigner til arealføremålet, men det er krav til reguleringsplan. Vi foreset at ein i reguleringsplanen held seg til eit avgrensa tal på nye bygningar samt plassering knytt til eksisterande bygningsmasse.

Fylkesmannen har ikkje motsegn til nytt føremål på Heggøy sør.

ROS-analyse

I forre runde hadde Fylkesmannen også motsegn knytt til at ROS-analysen mangla ein diskusjon knytt til dei store risikoobjekta i kommunen, m.a. Naturgassparken, Kollsnes og Sture, når det gjeld samlokaliseringarsutfordringar ved ny arealbruk i områda rundt objekta. Kommunen har vore i dialog med Fylkesmannen og dei store aktorane i næringsområda og har teke konklusjonane her i frå inn i ROS-analysen.

Vi trekker på dette grunnlaget motsega.

Kommentar til foresegnene

Fylkesmannen hadde motsegn til nokre element i foresegnene ved forre gjennomgang. Desse er no korrigert og motsegnene vert trekte. I revidert versjon er det også lagt inn byggegrenser mot sjø. Desse opnar mellom anna for at byggegrensa vert sett til foremålsgrensa i eksisterande uregulerte byggeområde og LNF-spreidd område i kommuneplanen. Det vil kunne vere uehildig der desse områda ligg med foremålsgrense heilt til sjø, som til domes Solberg øst (nord for Heggøy/Nordreosen). Elles må ein i foresegnene i delen som omhandlar forhold til eksisterande reguleringsplanar (pkt. 1) giere merksam på at det er teikna byggegrense inn på eksisterande reguleringsplanar.

Punkt 9 i foresegnene som gjelder unntaksforeseigner for uregulert eigedom er lite presisert og derfor vanskeleg å tolke. Ein bør sjå på hovet til å gjøre dette punktet meir integrert og forståelig i samband med det det er gitt unntak frå og soleis opna for.

Kartet

Kommuneplankartet synest å vise feil farge på Langholmen sør (jf. KU B2-11). Området er teikna som eksisterande fritidsbustadområde, medan det truleg skal vere framtidig fritidsbustadområde.

Samordningsprosessen – dialogmøte med kommunen

I tråd med rutinane for samordningsforsøket, vart Øygarden kommune invitert til eit utvida dialogmøte om motsegnspunkta.

Motet vart halde den 12.3.2014.

Til stades

Frå Øygarden kommune:

- Åse Gunn Husebø – leiar, planutvalet.
- Siri Fahlvik – rådmann.
- Øyvind Lunde – einingsleiar, Plan og forvaltning.
- Råmund Skjold – landbruksjef.

Frå Kystverket

- John Morten Klingsheim – senioringeniør.

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim – fylkesmann.
- Rune Fjeld – assisterande fylkesmann.
- Egil Hauge – prosjektleiar.
- Tord Bakke – seniorrådgjevar.

Tema som vart drofta i motet

1: Område sett av til fiskeområde.

Kystverket orienterte om bakgrunnen for motsega og viste til at det sjeldan vil oppstå konflikt mellom fiske og sjøverts ferdsle i leiene, men at planen likevel ikkje må vise at andre formål i farleier kan gjevest fortrinn.

Kommunen peika på at dette må kunne loysast gjennom å nytte ein annan kombinasjon av planføremål, eventuelt å unnlate å vise fiskeforemålet. Kommunen vil ta dette med seg attende og gjere ei ny vurdering.

Oppsummering

Fylkesmannen finn at motsegna er godt forankra i nasjonale foringar for sjøverts samferdsle og vil dermed ikkje avskjere motsegna. Fylkesmannen oppfattar at kommunen vil ta opp til vurdering dei loysingsforsлага som vart diskutert på motet og at ein i ein vidare dialog med Kystverket og fiskeristyremaktene finn fram til ei loysing som kan akseptera.

2: Område for akvakultur, Skarvøyosen (B1-7)

Kystverket og Fylkesmannen orienterte om motsegnspunkta. Kystverket held fram at det går ei merka lei gjennom området og at det, sjølv om det i ein konkret soknad kan botast noko på ulempene, vil kunna oppstå vanskar for sjøverts ferdsle. Ei innsnevring av tilgjengeleg sjøareal for trafikken i bileia (angitt med strek i planen), slik som planforslaget skisserer, vil innebera ei vesentleg hindring og risiko for trafikken i bileia. Fylkesmannen viste til dei innvendingane som òg tidlegare er reiste mot A-området og til vurderingane i konsekvensutgreiinga.

Frå kommunen si side er ein kjend med motsegnspunkta, men ein har primært vore oppteken av at lokaliseringa er rekna som gunstig for å legge til rette for eit anlegg i området som visningssenter.

Oppsummering

Fylkesmannen ser ikkje at det er manglar ved forankring eller grunngjeving i Kystverket si motsegn, som tilseier at motsegna bør avskjerast, og at det er grunnlag for Fylkesmannens eigne motsegner. Vi rår difor til at kommunen vurderer om AK-området kan takast ut av planen, eventuelt greier ut om det kan finnast ein alternativ, mindre konfliktfyldt lokalitet på vestsida av kommunen i ein seinare fase/planprosess.

3: Akvakultur Horsøyna (B3-2)

Innhaldet i den føreslegne motsegna frå Fylkesmannen vart gjennomgått. Gjennom at A-området, etter krav frå forsvaret er flytta nærmere land, har det oppstått ein ny situasjon med konflikt når det gjeld natur- og friluftsinteresser.

Kommunen opplyste at det generelt er eit ønske frå oppdrettsnæringa om fleire akvakulturområde i kommunen og at ein har forsøkt å legge innspel frå næringa inn i planen. Ein merkjer seg likevel dei faglege innvendingane som er reiste mot dette området og vil ta dei med i ei endeleg vurdering.

Oppsummering

Fylkesmannen har motsegn til akvakulturområdet B3-2 ved Horsøyna. Ein merkjer seg likevel at ved ei samordning av statlege interesser ved forrige offentlege ettersyn, kunne ein raskare ha fått klårlagt dei samla konsekvensane av å lokalisere akvakulturverksamhet i dette området. Kommunen må no ta stilling til om A-området kan takast ut av planen, eller om ein vil gå i ny dialog med aktuelle sektorstyremakter for om mogeleg å finne ei løysing for eit AK-område ved Horsøyna. Om ønskjeleg kan Fylkesmannen medverke i ein vidare samordningsdiskusjon.

4: Spreidd bustad, Toft (B3-5)

Fylkesmannen orienterte nærmere om grunnlaget for- og grunngjeving av motsegna. Bakgrunnen for motsegna er verknadane planen kan få når det gjeld jordvern- og friluftslivsverdiane i dette området. Kommunen tok Fylkesmannen sine innvendingar til orientering.

Oppsummering

Det vert her reist motsegn. Kommunen vil ta stilling til om området for spreidd bustadbygging kan takast ut.

5: Naustområde i Breivik (B3-12)

Grunnlaget for motsegna vart gjennomgått og drofta, jamfor grunngjevinga ovanfor.

Fylkesmannen oppfattar at også kommunen er oppteken av at utbygginga i dette området må skje på ein måte som gjer at strandsone-/ landskapsverdiane vert tekne vare på og utvikla vidare og at dette kan leggjast til grunn framtidig reguleringsplan for området.

Oppsummering

Fylkesmannen fremjar ikkje motsegn til planen på dette punktet. Fylkesmannen rår likevel til at det vert gjort ei meir detaljert vurdering av om dei mest verdifulle delane av området bor visast som LNF-område, eventuelt at det vert fastsett byggegrense for området, jamfor plan- og bygningslova § 1-8 tredje ledd. I denne vurderinga rår vi til at ein legg vekt på at nærområdet vil bli utbygd med bustader og at trøngen for bustadnære friluftsområde og -sjøtilkomst vil kunne auke. Vidare rår vi til at fellesloysingar blir vurdert i storst mogleg grad, t.d. at det vert regulert inn felles båthamn i staden for private naustbygg og at ein unngår unodige landskaps- og naturinngrep.

Sluttcommentar

Øygarden kommune har gjort eit godt arbeid med kommuneplanen. Det har vore tydeleg siling av innspel, god skildring av prioriteringane i planframlegg, fagleg dokumentasjon og oversiktleg konsekvensutgreiing.

På nokre punkt heftar det motsegner ved planen, men ein oppfattar at det no er etablert ei god forståing for korleis dei her omtala statlege innvendingane mot einskildpunkt i planforslaget kan takast vidare og løysast i kommunen sitt arbeid fram mot planvedtak.

Kommuneplanen for Øygarden er første kommuneplanen som fell inn under forsøksordning med statleg samordning av motsegner til kommunale arealplanar. På grunn av at denne samordninga starta i ein sein fase av planarbeidet, ser Fylkesmannen at det i dette høvet enno kan vere til dels motstridande statlege interesser som ikkje fullt ut er loyste i høyringsfasen. Desse punkta reknar ein med vil bli tekne opp i drøftingar med aktuelle sektororgan, etter at kommunen har vurdert alle innspel til planframlegg samla. Eventuelt kan kommunen fremje eit ønske om mekling, jamfor plan og bygningslova § 5-6.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med planen !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

	<p>Rådmannen si vurdering:</p> <p>Fylkesmannen sin uttale er samordna frå Kystverket og Fylkesmannen.</p> <p>For dei punkta i uttalen som ikkje gjeld motsegner meiner Rådmannen at det er lite problematisk å innarbeide dette i plan.</p> <p>Frå Kystverket ligg det føre motsegn mot følgjande to punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • AK område Skarvøyosen • Motsegn mot å nytte fiske som eksklusivt planformål i områder som ligg i hovedlei og bilei <p>Slik Rådmannen vurderer det er det lite konfliktfylt å ta til følgje motsegna som omhandlar planformål «fiske» i sjø. Desse kan endrast til fiske og ferdsle utan at det får uheldige verknader verken for sjøtrafikk eller gytande fisk.</p> <p>Når det gjeld AK området i Skarvøyosen så registrerer Rådmannen at Kystverket opnar for akvakultur ved at området og får formål ferdsle/farled – og at plassering av anlegget kan avgjerast i seinare søknad.</p> <p>Fylkesmannen har motsegn til følgjande fire punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Akvakultur Skarvøyosen • Akvakultur Horsøy • Spreidd bustad Toft • Naustområde i Breivik <p>Rådmannen meiner at ein må arbeide for å finne løysingar på motsegnpunkta frå Fylkesmannen. Ikkje minst er dette viktig for alle gode prosjekt som har venta på at ny plan skal bli vedteken.</p> <p>Det er fleire måtar å gå vidare på:</p> <p>Planutvalet kan velje å ta alle motsegnsområda ut av plan. Gjer ein dette vil planen truleg kunne rekke å bli lagt fram for Kommunestyret 18. juni.</p> <p>Vidare kan Planutvalet velje å gå til formell mekling med Fylkesmannen kring dei punkta ein ikkje ønskjer å ta ut av plan. Dersom meklinga ikkje fører fram vil Øygarden kommune fatte planvedtak og sende plan/motsegn, med meklar si tilrådning, over til kommunal- og moderniseringsdepartementet. Etter pbl § 11-16 heiter det at dersom motsegna er knytt til klart avgrensa deler av planen, kan kommunestyret likevel vedta at dei øvrige delane av kommuneplanen sin arealdel skal ha rettsverknad.</p>
--	--

25

Trond Åge Losvik gnr/bnr 7/88

Gnr. 7 Bnr. 88 (Svintræ 7), er i forslag til ny kommuneplan/arealdel er lagt i LNF-nei område. Dette reagerer vi selvsagt veldig sterkt på da det endrer dagens formål for eiendommen som er LNF-ja. Som nevnt i har vi tidligere også fått opplyst ved henvendelse til kommunen for vel et års tid siden at det ikke var foreslått endringer for vår eiendom i den nye planen, og følgelig slått oss til ro med det.

I fbm. søknad om utvidelse av en terrasse så vi tilfeldigvis at det er foreslått endringer i de nye kommuneplanen og reagerer selvsagt på det. Hvis eiendommen blir liggende i LNF-nei vil den bli båndlagt på en helt annen måte og vi vil måtte søker om dispensasjoner for ethvert tiltak.

Vi ser også at vår hytte er den eneste i området som har fått endret formål/ikke er lagt i LNF-ja i den nye kommuneplanen. Antar derfor at det hele må skyldes en glipp fra kommunens side. Vi ber innstendig om at dette rettes opp og at eiendommen blir liggende i LNF-ja område i ny kommuneplan slik som i dag/gjeldende kommuneplan.



Losvik sitt forslag til LNF grense vist med blå strek – Rådmannen sitt forslag vist med raud strek.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vil tilrå at eit avgrensa areal kring huset på 7/88 får planstatus LNF – ja slik at planstatus vert lik som for dei andre eigedomane i nærleiken.



26 Vik settefisk

Forslag til mindre endring av kommuneplan


Saksnr. 14/9: gjelder regulering av Gnr./Bnr. 34/2, festenummer 4.

Ønsker med dette å foreslå endring av overnevnte område fra dagens regulering; LNF-nei, til industriområde. Dette vil innebære at samtlige festetomter (Feste nr. 2-3-4) som inngår i leieavtalen mellom Jens G. Landro og Vik Settefisk AS vil være regulert til industriområdet. Dette var i utgangspunktet intensjonen med å skille de tre festetomtene fra Gnr./Bnr. 34/2.

Begrunnelse: En endring av reguleringen av festenummer 4 til industriområde, vil innebære en betydelig forenkling av fremtidige søknadprosesser i forbindelse med planlagte utbygginger.

Vi er kjent med at fristen for å komme med instillinger i forbindelse med den kommende kommuneplanen gikk ut den 1. mars, men vi håper at dere kan vurdere vårt inspill, da denne mindre endringen vil medføre en vesentlig lettelse av fremtidige saksbehandlinger.

Vedlegg: Kartutsnitt.



Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tilrår ikkje ei planendring som omsøkt sidan dette vil kunne medføre konsekvensutgreiing og ny høyring.

27 Blomvåg Fjordhotel v/Steinar Knappskog

Øygarden Kommune
Teknisk plan og forvaltning
v/Råmund Skjold/ Øyvind Lunde



Viser til tidligere innsendt innspill til Kommuneplanen (sak 12/380) samt møte den 27. mars, i Øygarden Rådhus der vi ble bedt om å sende over en kort presentasjon av oss som står bak prosjektet, våre planer samt noen presiseringer vedrørende formål med byggeplanene.

Vi som står bak prosjektet er:
Steinar Knapskog, som har vært deleier og driver av hotellet siden 2007
Runde Svendsen, se vedlagt presentasjon
Lars Listhaug, se vedlagt presentasjon
Björn Kovacs, se vedlagt presentasjon

Byggetrinn 1

Vi ser for oss et langsiktig arbeid med utvikling av destinasjonen i Blomvåg, Blomvåg Fjordhotell og området rundt.


Utviklingen består i første rekke av å bygge et nytt hotell bestående av 120-150 rom, sammen med 12-14 leiligheter som selges ut til privat formål, dette i forbindelse med de økte krav for egenkapital i slike prosjekter.

Hotell utbyggingen har en estimert kostnadsramme på 150-200 millioner kroner (ca 1-1.2millioner pr hotellrom) + utearealer.

Vi ønsker her å presisere at det altså er snakk om delt formål i hotell-bygget. Det er både næringsvirksomhet (hotell- og restaurantdrift) og privatboliger (leiligheter som selges ut).

Byggetrinn 2

For å skape en destinasjon som har tilstrekkelig tiltrekningskraft i markedet og av totalprosjektet, vil det videre være nødvendig å utvikle området rundt hotellet. Dette er momenter som vi ønsker å komme tilbake til senere i planperioden.

Blomvåg, 31. mars 2014

Steinar Knapskog
Daglig Leder

Rådmannen si vurdering:

Innspelet er tidlegare vurdert og konsekvensutgreidd. I forslag til plan er området vist som næringsområde. Rådmannen vurderer det slik at planformålet bør endrast til kombinerte formål for å fange opp innhald i dei planane som er for området. I tillegg til å utvikle ein hoteldestinasjon vil ein bygge 12-14 leiligheter. Endring av formålsfarge blir ikkje vurdert til å utløyse ny KU.

28

Vurdering:

Det vert vist til Rådmannen sine vurderinger og merknader i saksframlegget

INNSTILLING TIL VEDTAK/TILRÅDING:

Framlegg til Kommuneplan 2014 – 2022 har vore på andre gangs høyring til 1. mars 2014. Det vert vist til Rådmannen sine vurderingar i saksframlegget.

HANDSAMING I PLANUTVALET 10.04.2014

PLAN-016/14 VEDTAK:

Planutvalet tek Rådmannen si tilråding til følgje og sluttar seg til denne. Dette gjeld merknader med løpenummer 1 til 27.

Følgjande unntak gjeld frå dette:

- Merknad nr 20 frå Bjørgvin Bispedømeråd: Forslag frå Bispedømerådet nemnt i siste avsnitt i merknaden vert ikkje tatt inn i samfunnssdelen av kommuneplan
- Merknad nr 24 Frå samordna statlege instansar v/Fylkesmannen i Hordaland: Motsegn til spreidd bustad Toft (B3-5 i KU) vert tatt til følgje. Motsegn til naustområde i Breivik (B3-12 i KU) vert tatt til følgje. Motsegn til område for akvakultur ved Horsøy (B3-2) – området vert snudd i samsvar med innspel frå Erko Seafood AS. Motsegn til område for akvakultur, Skarvøyosen (B1-7) – området vert ikkje tatt ut av plan.
- Planutvalet ber om at det vert lagt fram eiga sak til møtet i mai der administrasjonen skisserer ulike måtar å gå vidare med dei to uløyste motsegnene frå Fylkesmannen til akvaområda ved Horsøy og Skarvøyosen.

Nye opplysningar i saka 08.05.2014

Saksopplysningar:

Etter møtet i Planutvalet 10. april er planmaterialet oppdatert i samsvar med vedtak. Slik saka ligg føre skal planmaterialet vera oppdatert i samsvar med vedtak frå 10. april. Framlegg til kommuneplan for Øygarden 2014 – 2022 vert difor lagt fram for Kommunestyret.

Følgjande planmateriale følger saka:

- Samfunnssdel datert 13.05.2014
- Planskildring med føresegner datert 13.05.2014
- Plankart datert 06.05.2014
- Konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse datert 13.05.2014

Vurdering:

Etter andre høyring av plan vart motsegner frå Fylkeskommunen og Forsvarsbygg trekt med bakgrunn i dei endringane som var gjennomført. Det låg likevel føre motsegn frå Fiskeridirektoratet og frå Fylkesmannen.

Motsegna frå Fiskeridirektoratet har Planutvalet tatt til følgje og kart er oppdatert i samsvar med det.

I samordna uttale frå Fylkesmannen i Hordaland datert 28.03.2014 vart det lagt fram motsegner til 4 ulike arealformål i arealkartet. Planutvalet etterkom motsegnpunkt for spreidd bustad Toft (nummerert B3-5 i konsekvensutgreiing) og Naustområde i Breivik (B3 -12)

For motsegna til akvaområde i Skarvøyosen (B1-7) så stod Planutvalet fast på å ikkje ta dette området ut av plan.

Vidare har Fylkesmannen fremja motsegn mot område for akvakultur ved Horsøyna (B3-2) Grunngjevinga for dette er m.a svært viktig regionalt friluftslivområde, avstand til naturreservatet på Horsøy/Kortknappskjer og eit større skjelsandområde på botn i dette området.

Øygarden kommune sendte 27. mars ein epost der me bad ulike instansar om kommentarar til å snu dette akvakulturområdet i samsvar med ønskje frå næringa. Fylkesmannen kom så med motsegn mot området slik det låg føre i høyringsforslaget, medan Fiskeridirektoratet, Kystverket , Forsvarsbygg og Fylkeskommunen har alle meldt tilbake at dei ikkje har vidare merknader til at området vert endra/snudd.

Administrasjonen bad difor om Fylkesmannen si vurdering av forslag til endring av AK område Horsøy, slik at denne vurderinga kan leggjast til grunn i vidare saksgang. I epost mottatt 7. mai har Fylkesmannen trekt motsegna mot område for akvakultur ved Horsøy/Vadholmen.

Etter plan- og bygningslova § 11-5 er det Kommunestyret sjølv som vedtar kommuneplanen. Dersom motsegnene er knytt til klart avgrensa deler av planen kan ein etter ny planlov halde desse utanfor planvedtaket og vedta ny kommuneplan. Det må då gå klart fram av vedtaket at dette ikkje gjeld for dei avgrensa motsegnsområda. Fordelen med dette er at hovuddelen av plan kan setjast i verk medan punkt det er usemje kring kan ha ei forsvarleg handsaming utan at dette forseinkar heile planprosessen. Det har ikkje vore uvanleg at slike motsegnssaker har ei sakshandsamingstid på 1-3 år.

Dersom Kommunestyret vedtar å oppretthalde AK området i Skarvøyosen skal saka til mekling. Dersom partane ikkje vert einig etter mekling skal plan, motsegn og tilråding frå meklar sendast over til Kommunal og Moderniseringsdepartementet for endeleg vedtak.

Administrasjonen vart bedne om å leggja fram ulike måtar å gå vidare på i denne saka.

- Kommunestyret vedtar å trekke ut nytt AK område Skarvøyosen ut av planen. Grunnlag for motsegnene er då borte og kommunestyret kan vedta samla plan.
- Øygarden kommunestyre ber Rådmannen førebu mekling med Fylkesmannen og at saka vert lagt fram for Kommunestyret så snart utfallet av meklinga er klar
- Kommunestyret gjer planvedtak med unntak av dei avgrensa områda der det ligg føre motsegn.

Rådmannen tilrår at saka vert lagt fram for Kommunestyret 18. juni for endeleg vedtak der områder for uavklarte motsegner vert halde utanfor. Fordelen med denne måten å gjere det på er at ein får vedtatt ein ny plan som styringsreiskap for kommunen og dei som ventar på å setje i gang ulike prosjekt kan gjere dette utan å vente på at motsegner vert avklarte.

INNSTILLING TIL TILRÅDING:

1. Med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova vedtar Øygarden Kommunestyre revidert kommuneplan for Øygarden 2014 – 2022. Planen består av følgjande dokument:
 - Samfunnsdel datert 13.05.2014
 - Planskildring med føresegner datert 13.05.2014
 - Plankart datert 06.05.2014
 - Konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse datert 13.05.2014
2. Følgjande område, der det ligg føre motsegn, vert halde utanfor plankartet:
 - Område for akvakultur – Skarvøyosen
3. Øygarden kommunestyre bed administrasjonen førebu mekling med Fylkesmannen kring motsegns punkta og at saka vert lagt fram for Kommunestyret så snart det ligg føre resultat av mekling

HANDSAMING I PLANUTVALET 13.05.2014

Synfaring Skarvøyosen.

PLAN-024/14 VEDTAK:

1. Med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova vedtar Øygarden Kommunestyre revidert kommuneplan for Øygarden 2014 – 2022. Planen består av følgjande dokument:
 - Samfunnsdel datert 13.05.2014
 - Planskildring med føresegner datert 13.05.2014
 - Plankart datert 06.05.2014
 - Konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse datert 13.05.2014
2. Følgjande område, der det ligg føre motsegn, vert halde utanfor plankartet:
 - Område for akvakultur – Skarvøyosen
3. Øygarden kommunestyre bed administrasjonen førebu mekling med Fylkesmannen kring motsegns punktet og at saka vert lagt fram for Kommunestyret så snart det ligg føre resultat av mekling

Samrøystes tilrådd

Nye opplysningar i saka 03.06.2014

Etter handsaming i Planutvalet 13 mai har område for akvakultur i Skarvøyosen blitt tatt ut av plan. Dette medfører at kart datert 28. mai 2014 er den versjonen som vert lagt fram for Kommunestyret. Planskildring med føresegner har og fått endra dato til 18.06.2014.

INNSTILLING TIL VEDTAK:

1. Med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova vedtar Øygarden Kommunestyre revidert kommuneplan for Øygarden 2014 – 2022. Planen består av følgjande dokument:
 - Samfunnsdel datert 13.05.2014
 - Planskildring med føresegner datert 18.06.2014
 - Plankart datert 28.05.2014
 - Konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse datert 13.05.2014
2. Følgjande område, der det ligg føre motsegn, vert halde utanfor plankartet:
 - Område for akvakultur – Skarvøyosen
3. Øygarden kommunestyre bed administrasjonen førebu mekling med Fylkesmannen kring motsegnspunkta og at saka vert lagt fram for Kommunestyret så snart det ligg føre resultat av mekling

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 18.06.2014

Røysting rådmannen si innstilling:

- Pkt. 1 Samrøystes vedteke.
- Pkt. 2 15 røysta for (OH(AP), LEM(AP), EH(AP), ÅGH(AP), KF(AP), OMV(TVØ), SH(TVØ), IHD(TVØ), OV(TVØ), MAT(TVØ), KN(H), KT(H), KR(H), IMT(H), TOH(avhengig)) og 8 røysta mot (SOT(AP), RF(AP), Frp, SV, BH(TVØ), HVW(TVØ), RH(TVØ)).
- Pkt. 3 18 røysta for punktet (OH(AP), LEM(AP), EH(AP), ÅGH(AP), KF(AP), KN(H), KR(H), KT(H), IMT(H), TOH(uavhengig), MSØ(Frp), SBB(Frp), RH(TVØ), MAT(TVØ), OV(TVØ), IHD(TVØ), SH(TVØ), OMV(TVØ)) og 5 røysta mot (SOT(AP), RF(AP), AKO(SV), HVW(TVØ), BH(TVØ)). **Punktet vart vedteke.**

Forslag fra Aud Karin Oen (SV) til nytt punkt 2:

Øygarden kommunestyre tilrår at framlegg til nytt akvaområde i Skarvøyosen vert teken ut av planen. For grunngjeving vert det synt til konsekvensutgreiinga som viser at området har verdi for fritidsfiske, ligg nær bilå og nærliek til naturreservat for sjøfugl. Det vert og vist til at slike anlegg har store ankersystem og gjer at store areal vert bandlagd. Området er verdifullt i høve rekreasjon og fritidsfiske. Kommunestyret meiner ei utlegging av akvaområde i Skarvøyosen ikkje vil vera i samsvar med dei måla som er omtalt for natur og friluftsliv i samfunnssdelen av planen.

Røysting: 8 røysta for forslaget (SOT(AP), RF(AP), Frp, SV, BH(TVØ), HVW(TVØ), RH(TVØ)) og 15 røysta mot (OH(AP), LEM(AP), EH(AP), ÅGH(AP), KF(AP), OMV(TVØ), SH(TVØ), IHD(TVØ), OV(TVØ), MAT(TVØ), KN(H), KT(H), KR(H), IMT(H), TOH(avhengig)). **Forslaget fall.**

KS-041/14 VEDTAK:

1. Med heimel i § 11-15 i Plan- og bygningslova vedtar Øygarden Kommunestyre revidert kommuneplan for Øygarden 2014 – 2022. Planen består av følgjande dokument:

- Samfunnsdel datert 13.05.2014
 - Planskildring med føresegner datert 18.06.2014
 - Plankart datert 28.05.2014
 - Konsekvensutgreiling med risiko og sårbarheitsanalyse datert 13.05.2014
2. Følgjande område, der det ligg føre motsegn, vert halde utanfor plankartet:
- Område for akvakultur – Skarvøyosen
3. Øygarden kommunestyre bed administrasjonen førebu mekling med Fylkesmannen kring motsegnspunkta og at saka vert lagt fram for Kommunestyret så snart det ligg føre resultat av mekling

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur.